

ÅRSMELDING 2025



Friluftsliv for helse, miljø og trivsel



Strategisamling i Ørsta november 2025, der vi heldt til på Rjåneset! F.v. Hilde Ellingsæter, Inger Bakke, Philipp Winthermann, Christer Lundberg Nes, Torgeir Sund, Malin Therese Fiksdal, Pål Høyberg, Randi Kjærstad Hagerup, Hans Pilskog og Malin Y. Giske. Christian Ødegaard manglar på bilde.

Om Sunnmøre friluftsråd

Sunnmøre friluftsråd er eitt av 30 friluftsråd i Norge og er ein del av Friluftsrådernes Landsforbund (FL). Vi vart oppretta i 1974, den gongen som Friluftsrådet for Ålesund og omland, og skifta namn til Sunnmøre friluftsråd i 2015.

Vi er eit interkommunalt oppgåvefellesskap (KO) etter kommunelova med ei eiga samarbeidsavtale for fellesskapet. Dei 15 eigarkommunane i friluftsrådet er: Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund. Vi dekker om lag 158.000 innbyggjarar.

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskreivjande friluftsliv for alle. Folkehelse er fundamentet i alt vi gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter,

organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytta av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, samt vere ein pådrivar og høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer og legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

Framsidedilde er frå Dam 2 på Aksla den 18. januar, under «Hele Norge bålet» som var opningsarrangement for ei rekke bålarrangement over heile landet i Friluftslivets år.

Alle bilde i rapporten som ikkje er merka med fotografnamn tilhøyrer Sunnmøre friluftsråd.

Innhald

Styreleiar har ordet	4-5
Styret og representantskapet 2025	6-8
Møte, representasjonsoppgåver og anna	9
Administrasjonen	10-11
Ny dagleg leiar	11
Friluftlivets år 2025	12-15
Aktivitetsarbeid i skule og barnehage.....	16-23
Kajakk i skulen/kajakknnettverket	16
Urørt	17
«Slå på ringen»/leikepatruljen.....	18-19
Utdørs livredningsprøve og kurs	20
Med mose i håret og plaster på såret	21
Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»	22
Utleige av færingar	23
Lån av friluftsutstyr	23
Aktivitetsarbeid i fritida	24-29
Vinterferieleir	24
Kvelds- og fritidsaktivitetar	25
Padlecamp	26
Friluftsskular	27
Naturmøteplassen	28-29
StikkUT! - og andre turrutebasar	30-33
Stikk UT! 2025	30-33
Prosjekt i regi av fylket	34
Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar.....	34
Utvikling og kompetanseheving	35
Medarrangør i kurs for utandørsterapi	35
Sikring og tilrettelegging av friluftsområde	36-37
Statleg sikring og forvaltningsplanar.....	36
Skjøtsel og drift gjennom året	37
Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr.....	37
Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.....	38-41
Rydding av marin forsøpling	42-45
Marin forsøpling 2025	42-44
Rydd i Tide - oppsummering 2025	45
Medieomtale	46-49
Økonomi, rekneskap og årsberetning	50-53
Vedlegg til årsmeldinga	54-58
Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane	54
Oversikt eigedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)	55

Styreleiar har ordet

Vi har lagt Friluftslivets år 2025 bak oss og kan sjå tilbake på eit svært innhaldsrikt og aktivt år i Sunnmøre friluftsråd. Saman med andre frilufsorganisasjonar, kommunar og frivillege har vi lagt til rette for helsebringande friluftssopplevingar i medlemskommunane våre.

Årsmeldinga gir eit grundig innblikk i aktiviteten på dei ulike områda. Aktiviteten er imponerende! Tenk på kva dette har å seie både for glede over naturen og den positive effekten frilufsaktiviteter har for folkehelsa!

Med godt over 900.000 registrerte turar i sommar-sesongen 2025 opprettheld Stikk UT! posisjonen som eitt av dei fremste folkehelseiltaka i fylket. Om lag 15 prosent av innbyggjarane i fylket deltek i turtrimmen i sommarhalvåret. Det er kjekt å sjå den store interessa.

Det vert sagt at Sunnmøre friluftsråd er blant dei mest komplette friluftsråda i landet fordi vi har så stor breidde i engasjement og aktivitet. Vi er eitt av få friluftsråd som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel



Styreleiar Eva Hove

av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste. Vi veit at vi på ingen måte ville ha nådd måla våre om vi ikkje også hadde fått hjelp frå alle dei frivillige rundt om i medlemskommunane. At dei både er mange og engasjerte, fekk vi godt bevis på under frivillegsamlinga på Skodje i desember.

Etter åtte år i styret for Sunnmøre friluftsråd, dei siste fem åra som leiar, går eg no ut av styret.

Eg vil nytte høvet til å takke medlemskommunane, styret, tilsette og frivillige for godt samarbeid og god innsats for folkehelsa på Sunnmøre!



Friluftsrådet si årlege strategisamling var i 2025 på Rjåneset der vi mellom anna fekk sjå kva arbeid som er gjort i det statleg sikra området på Raudøya i Ørsta kommune. Her i båt på veg ut til øya. F.v. Torgeir Sund, Malin Y. Giske, Randi Kjærstad Hagerup, Malin Therese Fiksdal, Christer Lundberg Nes og Pål Høyberg.

Takk!

Mange fortener stor takk for innsatsen:

- Kommunane som legg til rette for friluftsliv
- Økonomiske støttespelarar som bidreg til at Sunnmøre friluftsråd kan gjere jobben: Kontingent frå medlemskommunane, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Handelens Miljøfond, Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, Sparebank1 SMN og Ørskog Sparebank med fleire.
- Dei mange frivillege som stiller til dugnad i ulike samanhengar.
- Styremedlemmene
- Alle medarbeidarar som med iver og ansvar sørger for prosjekttinntekter og gjennomføring
- Takk til samarbeidspartnarar i ulike prosjekt: Høgskulen i Volda, Skattekontoret Ålesund, Røde Kors, Statens Naturoppsyn, frivillig-sentralar, Plastfritt Hav, Plastpiratene, TAVAHA, vaksenopplæringa, Statsforvaltaren, Møre og Romsdal fylkeskommune med fleire.

Medlemskontingent kommunane i 2025

Kommune	Innbyggartal	Medlemskontingent
Ålesund	59 526	1 287 547
Haram	9 436	204 101
Fjord	2 518	54 464
Giske	8 808	190 517
Hareid	5 352	115 764
Herøy	9 022	195 146
Sande	2 427	52 496
Stranda	4 345	93 982
Sula	9 825	212 515
Sykkylven	7 618	164 777
Ulstein	8 869	191 836
Vanylven	3 035	65 647
Vestnes	7 292	157 726
Volda	11 019	238 341
Ørsta	11 044	238 882
SUM	160 136	3 463 742

Medlemskontingenten 2025 var på 21,63 kr pr innb.

Styret 2025

Fjord	Eva Hove leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje styremedlem
Haram	Guttorm Kjerstad styremedlem
Hareid	Annika Brandal styremedlem
Herøy	Janne-Katrin Hansen Sævik styremedlem
Sande	Sindre Slettebøl styremedlem
Stranda	Thomas Roset styremedlem
Sula	Nils Erik Bjørkavåg styremedlem
Sykkylven	Sveinung Vemøy styremedlem
Vanylven	John Willy Klungre styremedlem
Vestnes	Ragnhild Marie Tandstad styremedlem
Volda	Annlaug Stokke styremedlem
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal styremedlem
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen styremedlem
Ålesund	Ole Grebstad styremedlem
Sunnmøre friluftsråd	Christer Lundberg Nes tilsette sin representant

Styret og representantskapet 2025

Styremedlemmar 2025

Kommune	1.1.-2.4 2025	Verv	2.4.-31.12 2025
Fjord	Eva Hove Almar Bonsaksen Remme	Styreleiar Vara	Eva Hove Almar Bonsaksen Remme
Ulstein	Berit Sandvik Skeide Stig Ole Borgundvåg	Nestleiar Vara	Berit Sandvik Skeide Stig Ole Borgundvåg
Giske	Jan Ove Skodje Kjersti Valderhaug Bakke	Styremedlem Vara	Jan Ove Skodje Kjersti Valderhaug Bakke
Haram	Guttorm Andreas Kjerstad Kathrine Pernille Beite	Styremedlem vara	Guttorm Andreas Kjerstad Kathrine Pernille Beite
Hareid	Annika Brandal Bernhard Harkjerr	styremedlem vara	Annika Brandal Bernhard Harkjerr
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard	Styremedlem Vara	Janne-Katrin Hansen Sævik Torbjørn Anton Hide
Sande	Sindre Slettestøl Sara Fugledal Wiik	Styremedlem Vara	Sindre Slettestøl Sara Fugledal Wiik
Stranda	Bodil Tronstad Lie Thomas Roset	Styremedlem Vara	Thomas Roset Gunhild Kvam
Sula	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonie Slinning	Styremedlem Vara	Nils Erik Bjørkavåg Åse Petrin Vegsund
Sykkylven	Sveinung Vemøy Eva Eline Tandstad	Styremedlem Vara	Sveinung Vemøy Eva Eline Tandstad
Vanylven	John Willy Klungre Njål Sivertstøl	Styremedlem Vara	John Willy Klungre Njål Sivertstøl
Vestnes	Jon Kåre Osdal Sissel Vik Vesseli	Styremedlem Vara	Ragnhild Tandstad Arve Øverås
Volda	Annlaug Stokke Stig Helland	Styremedlem Vara	Annlaug Stokke Stig Helland
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal Marita Aklestad	Styremedlem Vara	Bente Iren Flåvik Bjørndal Marita Aklestad
Ålesund	Ole Grebstad Unni Kristin Wiik Thea Elise Vestre Aasen Thor Erik Aag	Styremedlem Vara Styremedlem Vara	Ole Grebstad Unni Kristin Wiik Thea Elise Vestre Aasen Thor Erik Aag
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes Hilde Ellingsæter	Styremedlem Vara	Christer Lundberg Nes Hilde Ellingsæter

Etter representantskapsmøtet 2. april 2025 bestod arbeidsutvalet av styreleiar Eva Hove, nestleiar Berit Sandvik Skeide og Jav Ove Skodje. Tilsettere representant frå Sunnmøre friluftsråd (KO) har møte- og talerett i styret, jamfør samarbeidsavtalen.



Handsaming av styresaker i 2025

Styret har hatt fire styremøte gjennom året, samt tre møte i arbeidsutvalet. I alt har styret handsama 29 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsmelding og handlingsplan m/årsplan 2025-2027.
- Samarbeidsavtale Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2025-29
- Orientering om båtkjøp – Skjærgårdstenesta
- Marin forsøpling: Ryddeprosjekt marin forsøpling 2025, bl.a. rydding av Hjørundfjorden.
- Evaluering av StikkUT!-sesongen og framgang i Stikk UT! Norge-prosjektet

- Tilsetjing av ny dagleg leiar
- Statleg sikra friluftsområde «Prinsen» - Ålesund kommune
- Kontingentsatsar Sunnmøre friluftsråd

I kvart styremøte har det også vore orienteringar om status økonomi, innvilga/avslåtte søknader, generell framdrift og orientering om interne forhold (personal, lønnsforhandling, HMS, kontor/lager)



Styreleiar Eva Hove takkar Jan Ove Skodje (Giske kommune) som hadde lagt til rette for representantskapsmøtet, Jon Kåre Osdal som gjekk ut av styret og Martin Kjøpstad som har vore leiar i valnemnda. Biletet er frå representantskapsmøtet på Godøy 2. april 2025.

Representantskapsmøtet 2025

Sunnmøre friluftsråd er organisert etter kommunelova som eit kommunalt oppgåvefellesskap (KO). Øvste organ er representantskapet (eit møte i året) med to representantar frå kvar av deltakarkommunane.

Representantskapsmøtet for 2025 vart halde 2. april på Godø Lodge på Godøy i Giske kommune. Før representantskapsmøtet var det omvising i friluftsområde og turvegen Fjellfotvegen på Godøya ved styremedlem Jan Ove Skodje

Tilbake i møtelokalet vart filmen Sunnmøre friluftsråd 50 år vist under matserveringa. Kåre Sæter ønska representantskapet velkomne til Giske, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet. Før representantskapsmøtet starta, presenterte Hilde Ellingsæter og Inger Bakke Friluftslivets år 2025 og aktivitetane og markeringane vi arrangerer på Sunnmøre dette året. Representantskapet handsama vanlege årsmøtesaker, og valde deretter nytt styre etter innstilling frå kvar kommune. Tre av styremedlemmane vart takka av etter mange år i styret: Jon Kåre Osdal (Vestnes), Bodil Tronstad Lie (Stranda) og Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy).

Desse vart innvalde som nye styremedlemmar:

Janne-Katrin Hansen Sævik (Herøy), Thomas Roset (Stranda), Ragnhild Tandstad (Vestnes). Øvrige styremedlemmar som var på val vart gjenvalde. Også styreleiar Eva Hove og nestleiar Berit Sandvik Skeide vart gjenvalde.



Dagleg leiar Anne Berit Støyva Emblem (fram til juni 2025) og styreleiar Eva Hove..

5. juni var det ekstraordinært representantskapsmøte (digitalt) for å endeleg godkjenne rekneskap 2024 og årsmelding/årsberetning 2024. Dette etter at rekneskapsoppsettet vart omarbeidd til kommunal rekneskapskikk og godkjend av revisor.



Representantskapet under befaring på Fjellfotvegen på Godøya i april 2025.

Møte, representasjonsoppgåver og anna

Gjennom heile året er friluftsrådet vanlegvis med på ei rad møter, kurs, synfaringar m.m. i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt.

I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet.

Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspartnar/oppdragsgivar på prosjekt som Friluftslivets ferdselsårer. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) er ein viktig samarbeidspartnar særleg når det gjeld Stikk UT!, men også på fleire andre område.

Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL), Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) og Nettverk marin forsøpling Møre og Romsdal.

Vi har delteke på leiarsamling for friluftsråda i Oslo i februar, Hold Norge Rent-konferansen, Fylkeskulturkonferansen i Fosnavåg i september, friluftskonferanse i Fredrikstad i juni, tilsettesamling for friluftsråda i Jæren i september og samling for Skjærgårdstjenesten i Bergen i november.



I november deltok Hans og Torgeir på samling for Skjærgårdstjenesten i Bergen.



Hans og Hilde deltok på friluftsdagane ved NTNU i Ålesund i september, og informerte om moglegheitene med Stikk UT! og andre tips om friluftsliv.



Sunnmøre friluftsråd sine deltakarar på tilsettsamlinga på Jæren i september 2025. F.v. Inger Bakke, Hilde Ellingsæter, Hans Pilskog og Pål Høyberg.

Administrasjonen

Tilsette

Per 31.12.25 hadde friluftsrådet 10 faste tilsette som utgjør 9,1 årsverk, samt to prosjektmedarbeiderar i til saman 1,3 årsverk.

Gjennom året har friluftsrådet også hatt omlag 20 tilkallingshjelper/timelønnte som til saman utgjorde om lag to årsverk (innleigde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatruljen og ulike friluftslivsarrangement).

Kontaktinfo friluftsrådet

E-post: post@friluftsradet.no

Org.nr.: 971 369 205

Vipps: 513199

Faktura: EHF 971369205 eller
faktura@friluftsradet.no

Post- og besøksadresse: Sunnmøre friluftsråd,
Stettevegen 73, 6260 Skodje (ved Digernes)



Hans Edvard pilskog

Dagleg leiar (frå 1. sept.)

M: 908 15 035

E: hans.pilskog@friluftsradet.no



Anne Berit Støyva Emblem

Dagleg leiar (fram til 10. juni)



Christer Lundberg Nes

Fagleiar Aktivitet

Kurs og opplæring for skular og bhg.

Fritidstilbod for barn og unge

M: 912 46 400

E: christer@friluftsradet.no



Torgeir Lausund Sund

Leiar Skjærgårdstjenesten

Møre og Romsdal

M: 900 46 092

E: torgeir@friluftsradet.no



Christian Ødegaard

Medarbeidar Skjærgårdstjenesten

Møre og Romsdal

M: 457 66 666

E: christian@friluftsradet.no



Pål Henry Høyberg

Driftsleiar anlegg land

M: 468 95 705

E: paal@friluftsradet.no

Ny dagleg leiar frå september 2025

10. juni 2025 fråtredde Anne Berit Støyva Emblem stillinga si som dagleg leiar i Sunnmøre friluftsråd. Ho var dagleg leiar for friluftsrådet i fem år.

1. september fekk vi på plass vår nye daglege leiar, Hans Pilskog frå Ålesund. (Torgeir Sund var konstituert dagleg leiar frå 10. juni – 1. september).

Hans kom frå stillinga som leiar for ungdomsavdelinga i NAV Ålesund. Tidlegare har han også jobba som pedagogisk rettleiar i Giske kommune og mange år

som leiar for Stafsethneset Alternative Skule i Ålesund.

Av utdanning er han adjunkt med spesialpedagogikk, og har etterutdanning i prosjektleiing og Master i Public Administration (CBS/NTNU).

Hans er en ivrig forkjemper for uteskule og friluftsliv som pedagogisk verktøy. Han brenn for å legge til rette for tilgjengelegheit, naturopplevingar og fellesskap – alt som kan styrke folkehelsa og gi auka meistring av eige liv.



Hilde Ellingsæter

Prosjektleiar

Stikk UT!, Naturmøteplass m.m

M: 977 09 653

E: hilde@friluftsradet.no



Inger Bakke

Prosjektleiar

Slå på ringen, Friluftaktivitet innvandrarar

M: 482 18 981

E: inger@friluftsradet.no



Malin Therese Fiksdal

Fagleiar Marin forsøpling

M: 482 31 905

E: malin.fiksdal@friluftsradet.no



Malin Y. Giske

Bistår på tvers av prosjekta

M: 959 353 74

E: malin@friluftsradet.no



Randi Kjærstad Hagerup

Prosjektkoordinator Marin forsøpling

M: 468 08 487

E: randi@friluftsradet.no

Friluftslivets år

2025 var friluftslivets år, som blir markert kvart tiende år. Målet er auka merksemd om friluftsliv og auka deltaking i friluftslivet i alle delar av folket, med varig effekt. Og til å inspirere fleire til å bruke turområde og bli kjent med varige friluftslivsaktivitetar der ein bur, samtidig som ein tek omsyn til naturen.

Gjennom heile året har friluftslivsorganisasjonar, kommunar, friluftsråd og andre opna opp og invitert folket ut på tur og inn i varme fellesskap. Til saman vart det i 2025 stelt i stand over 24.400 aktiviteter for store og små, frå Lindesnes i sør til Nordkapp i nord. Det er nesten 500 aktiviteter i veka, spreidd over heile landet.

Effekten av Friluftslivets år blir ikkje berre i tal på arrangement, men i kva som lever vidare etterpå. Mange har prøvd nye aktivitetar eller funne nye fellesskap, og arrangører har etablert eller styrka tilbod dei ønsker å videreføre.

Året har bydd på alt frå lågterskel nærturar og kurs for ferskingar, til større friluftssarrangement og aktivitetsdager for heile familien. Det har også oppstått mange nye samarbeid på tvers.

I Sunnmøre friluftsråd har det vore eit særst aktivt år som pangstarta med «Hele Norge bålet» 18. januar.

Her inviterte vi alle ut på arrangement (gratis) rundt i alle medlemskommunane. Vi hadde til saman 30 bålarrangement der det deltok nesten 2000 personar.

Vi hadde mellom anna bålarrangement på kvar av dei 12 Naturmøteplassane våre med mange av dei faste vertane der som vertskap. Ei stor takk til



Inspirasjonsforedrag om turmat på bål og primus ved «Eventyrgutten» John Hobberstad på Sula bibliotek i Langevåg.

desse - utan dei hadde vi ikkje klart å gjennomføre i så stor skala. Vi rettar også ei takk til DNT Sunnmøre og Sparebank1 SMN som vi har samarbeidd godt med både på bålarrangementa og fleire andre friluftssarrangement gjennom året.

I mars og april hadde vi (saman med DNT Sunnmøre og Sparebank1 SMN) ei rekke gratis inspirasjonsforedrag på alle hovudbiblioteka på Sunnmøre og i



Om lag 300 personar, derav mange familiar, tok turen til Dam 2 på Aksla og deltok i «Hele Norge bålet».



Inger Bakke (midten), saman med elevar ved vaksenopplæringa i Haram lagar turmat på bål i Brattvåg.



Litt av dei nasjonale aktivitetane som også vart marlert lokalt rundt om i landet i friluftslivets år.

Vestnes, der temaet var «Finn din friluftsglede». Dette var foredrag om friluftsliv, med gode og inspirerende lokale foredragshaldarar, som vart godt motteke.

30. august – 7. september var det friluftslivets veke, der vi mellom anna hadde Stikk UT! festival.

5. – 14. september var det Strandryddeveke der vi hadde fleire offentlege ryddeaksjonar.

21. oktober markerte vi dagen for mental helse (som eigentleg er 10. okt.) med fellestur til Dam 2 på Aksla, der det var bålcaffe og enkel servering.

Sunnmøre friluftsråd har også fått prosjektmidlar frå Miljødirektoratet og Gjensidigestiftelsen til fleire nye prosjekt i 2025. Her følgjer ei kort oppsummering av desse prosjekta:

Fokus på gapahukane som nærturmål

Prosjektet hadde i starten eit mål om at vi skulle kåre den finaste gapahuken i kvar medlemskommune. Men etterkvart som vi fekk inn over 200 tips, og såg det totale mangfaldet av gapahukar med stort lokalt initiativ og eigarskap, såg vi at det ikkje ville vere mogleg

I samband med «Hele Norge bålet» vart det sett inn heilsides annonse i fleire aviser.

Vi pangstartar friluftslivets år på Sunnmøre med

HELE NORGE BÅLER

Laurdag 18. januar, kl. 13–15

Vi har fyr på bålet/bålpanna og serverer kaffe eller annan varm drikk. Inviter med deg familie, naboar og vener til å oppleve den magiske kosen rundt bålet.

Det blir også aktivitetar og turquiz med fine premiar. Hugs turkopp, sitteunderlag og gjerne niste/grillmat.

DNT og Sunnmøre friluftsråd har arrangement over heile Sunnmøre

Fjord kommune Bygarden - Voldal Øyna på Overøya - Stordal	Stranda kommune Långhammaran - Stranda	Volda kommune Prestesettra - Volda Klepp - Volda Lid - Volda
Giske kommune Gapahuken i Sandvika på Roald - Vigra	Sula kommune Kaffivika ved Vassetvatnet - Langevåg Rollonhytta - Sulafjellet	Ørsta kommune Vinjvill (Bøvegen) - Ørsta Kollstaddyrta - Standal Badeberget - Hovdebygda
Haram kommune Synnølandsvatnet - Brattvåg Trollskogen - Fjærtuft	Sykkylven kommune Museumparken på Auremarka - Sykkylven Fjellsetra - Sykkylven (NB kl. 11–13)	Ålesund kommune Dam 2 Aksla - Ålesund DNT-nauset i Narvesundet - Ålesund Grindstova på Statsetneset - Veggund Emblemstien - Emblem Emblemsfjellet/Østrem Evelia - Sjøholt Gomerlea - Skodje Tuenset - Ålesund
Hareid kommune Rotarystien, Grimstadvatnet - Hareid	Utleist kommune Bugarmsmyrane - Utleivvik Eksund (padletur)	
Herdøy kommune Runde fyr - Runde	Vanylven kommune Kungholmen - Åheim	
Sande kommune Nupen - Larsnes	Vestnes kommune Fruelissetra - Fikodal Kråkvik - Vestnes (NB kl. 14–18)	

Meir info på friluftslivetsar.no/aktivitetskalender - DNT Sunnmøre - Sunnmøre friluftsråd

Vår støttespelar i friluftslivets år

Sunnmøre friluftsråd **DNT Sunnmøre** **SporeBank** **Bank Eiendom Regnskap**



«Costeering» i Langevåg. Foto Christer Lundberg Nes.

å rangere mellom ulike gapahukar eller plukke ut ein gapahuk som finare og betre enn dei andre.

Vi valde difor i staden å samle inn mest mogleg tips og arrangere ein familiedag i kommunane for å markere gapahukens dag!

Gapahukens dag vart markert den 27. september i 14 av 15 kommunar med nesten 600 deltakarar.

Friluftsrådet har kartfesta og publisert over 129 gapahukar, og over 80 av desse med bilde på kartdata-basen Vestkystparken.no

Aktivitet og arrangement knytt til naturmøteplassane i 2025

Friluftsrådet fekk også ekstra midlar til aktivitet og arrangement knytt til naturmøteplassane i 2025. Her hadde vi 14 bålarrangement i samband med «Hele Norge båler» og vi hadde seks arrangement der vi laga turmat på bål. På nokre av desse arrangementa involverte vi vaksenopplæringa i kommunen. På fleire av naturmøteplassane har vi også hatt musikkinnslag og anna.

Inspirasjonskurs i nærfriluftsliv

I dette prosjektet ønska vi å inspirere folk til enkelt friluftsliv ved å la dei delta på kurs og foredrag.

Vi starta på vårparten med 16 Inspirasjonsforedrag

på alle Biblioteka på Sunnmøre, med om lag 1.000 deltakarar. Vi hadde også eitt foredrag om frivilligheit på kulturhuset i Skodje i desember med 75 deltakarar.

Vi hadde også fleire kurs (på fleire stadar) i bruk av turapp og kart med om lag 80 deltakarar, og vi deltok på inspirasjonsdag for friluftsliv ved NTNU i Ålesund.

Vi gjorde også eit prøveforsøk med skogsbad, der vi leigde inn Alexandra Hope som instruktør. Skogsbad er å ta inn atmosfæren i skogen med alle sansane (det har altså ikkje noko med bading å gjere). Opplegget var givande, vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane, og dette er noko vi godt kunne tenkt oss å gjere meir av. Skogsbadet hadde 15 deltakarar.

Prosjektet finansierte også litt av dei åtte aktivtetsdagane i sju vidaregåande skular der om lag 2.500 elevar deltok.

Vi har også utarbeida ein Naturquiz som kan gjenbrukast på ulike arrangement, og som andre friluftsarangørar i kommunane også kan få nytte seg av.

Badekompis

Dette prosjektet fekk ein litt tung og mislykka start. Vi marknadsførte åtte kurs i utsymjing og livredning for ungdom i løpet av våren, men fekk berre 1–2 påmeldte på tre av desse kursa.

Konklusjon: Vi jobba hardt med marknadsføring i

vår, men nådde ikkje ungdommane. Mest truleg fordi «utesymjing og livredning» var for traust og kjedeleg.

Etter sommarferien prøvde vi å nå ungdom gjennom kajakkurs, livredningskurs som inne-/utekurs og eit opplegg med «coasteering», som består av symjing, klatring og hopping i fjøra.

Eit to dagars padlekurs med overnatting var svært vellykka for 11 deltakarar. Vårt kursopplegg er tilpassa ungdom med mykje lek og vasstilvenning, samt fokus på erfaringslæring og sjølvinnstikk.

Vi gjennomførte eit livredningskurs som eit todelt kurs med ein innedel i basseng og ein utedel – som fekk tre deltakarar.

På slutten av hausten og utesesongen kjøpte vi inn våtdrakter, hjelmar, våtdrachtsko og hanskar og tilbød «coasteering» i skjergarden ved Langevåg (Sula). Dette vart ein kjempesuksess med åtte ungdommar! Morten Gjersest har vore fagleg ansvarleg for livredning og opplegget med Coasteering.

Aktivitetsdagar i vidaregåande skular

I samband med friluftslivets år arrangerte Sunnmøre friluftsråd åtte aktivitetsdagar for sju av dei vidaregåande skulane på Sunnmøre. Dette var eit samarbeid mellom nokre av frilufsorganisasjonane i Møre og Romsdal: DNT Sunnmøre, Norges jeger- og fiskeforening, Kirkens bymisjon/ Skattkammeret og Norges speiderforbund.

Vi ser dei vidaregåande skulane som ein særskild viktig arena å opptre på for å nå dei som ikkje nyttar friluftsliv frå før, og som treng ein introduksjon. Prosjektet var også viktig for å gjere ungdommane klar over alle friluftslivsmoglegheitene vi har i regionen. Ved at fleire av frilufsorganisasjonane viste seg fram, fekk dei høve til å oppdage ein aktivitet som kan passe for seg og venene. Postane dei fekk oppleve var bålsamtale, førstehjelp, rørsle i natur, mat på bål, naturquiz og korleis kle seg på tur.

Prosjektet var inspirerende og kjekt, og noko vi vil halde fram med i 2026.

Gjennom prosjekta for Friluftslivets år har vi klart å nå alle kommunane med kurstilbod og aktivitetar.

Vi er også glade for at vi fekk høve til å gjere litt stas på dei frivillege, som hjelper oss både med Stikk UT! og Naturmøteplassen, og gi dei noko tilbake for deira store innsats. Det gjorde vi ved å invitere dei til samling på Gomerhuset 3. desember, der det både var musikkinnslag, foredrag ved Øyvind Veberstad, god mat og ikkje minst god stemning og samvær.



Bålsamtale med elevar frå Spjelkavik vg skole. Bål som beredskap, samlingspunkt og stad for refleksjon.



Grønli gapahuk var ein av gapahukane der Gapahuken sin dag vart markert. Foto: Thea Elise Aasen.



Musikkinnslag på frivillegsamlinga på Skodje ved Kristina Farstad Bjørdal, Oddbjørn Øien, Sondre Ferstad og Frank Vågnes. Oddbjørn og Frank er også blant dei frivillege vertane på Naturmøteplassen i Kaffivika ved Vassetvatnet i Langevåg.

Aktivitetsarbeid i skule og barnehage

Kajakk i skulen/kajakknettverket

Prosjektmål

- Prosjektet skal kvalitetssikre kunnskap og ferdigheter til kvar einiskild lærar gjennom å utdanne lærarane til aktivitetsleiarar i padleforbundet
- Prosjektet skal trygge eit fagleg miljø i kvar einiskild skule gjennom at fleire lærarar i kvar skule deltek i prosjektet
- Prosjektet skal stimulere til samarbeid, erfaringsdeling og fagleg utviklingsarbeid gjennom nettverksarbeid mellom fleire skular

2025 vart eit litt utfordrande år i dette prosjektet. Endring i skulestruktur i nokre kommunar, og for lærarane med mange arbeidsoppgåver, vart det svært vanskeleg å finne tidspunkt som samla nok deltakarar frå ulike skular til å kunne gjennomføre kurs.

På våren gjennomførte vi ein svært vellykka fagdag i fjøra i Ulstein i samarbeid med Atlanterhavs-

Gjennomført aktivitet for 2025:

Fordelt på fagdag, kurs og padlekveldar har vi hatt

- 12 arrangement for 11 skular
- 40 deltakarar

parken i Ålesund. Vi har fått faglege ressursar med Atlanterhavsparken som ligg til nedlasting for lærarar og skular i nettverket på heimesida til friluftsrådet.

Vi utvikla eit stadbasert læring-skilt til Ulsteinvik barneskule, med ei intern fagressurside for skulen på heimesida til friluftsrådet.

Vi har hatt møter med nye skular og rektorar som er interessert i å utvikle eit samarbeid om kajakk i skulen og stadbasert læring.



Frå fagdagen i Ulsteinvik. Alle foto på desse sidene: Christer Lundberg Nes.



Padlekveld.

Urørt

Urørt er initiert av områdeverne-forvaltinga for Geiranger-Herdalen.

Friluftsrådet er koordinator og viser faglege undervisningstips etter «beste praksis» med elevar og lærarar i Verdsarvskulen Eidsdal skule.

I samarbeide med Eidsdal skule gjennomførte friluftsrådet seks undervisningsopplegg med formidling av fag etter ønske frå skulen. I tillegg gjennomførte studentar i friluftsliv ved Høgskulen i Volda praksisopplegg med undervisning i klassene, og med ein vinterovernattings-tur for friluftsliv valfag.

Fagleg tema i 2025 har vore:

- Vinterfriluftsliv med overnatting for ungdomstrinnet
- Livet i blomsterenga med insekt
- Livet i fjøra
- Livet i Myra og skogen m/økosystem og artsmangfald
- Tur til Kallskaret
- Tur til Skrednakken (økosystem og artsmangfald, over og under tregrensa og gamal og nykultur-/dyrkingsmark).

Gjennomført aktivitet for 2025:

- 6 undervisningsopplegg for skulen
- Tilrettelegging for praksisstudentar ved Høgskulen i Volda som har hatt undervisningsopplegg og overnattingstur



Oljebille, eit av insekta vi fann ved blomsterenga.



På veg til Skrednakken.



«Slå på ringen»/leikepatruljen

Tal for 2024:

- 33 arrangement for elevar med 1.486 deltakarar - Leikepatruljen
- Kurs for tilsette: 2 kurs for 60 stk

«Slå på ringen» er Sunnmøre friluftsråd sitt aktivitets-tilbod i uteleik og rørsle til alle barneskulane i medlemskommunane våre. Prosjektet består av tilbod om leikekurs for elevar i barneskulane, tilbod om verkstad til alle tilsette på kvar skule og Prøvekaninane.

Målsetjing

- Skape kunnskap, medvit og begeistring for meir variert uteleik på barneskulane på Sunnmøre
- Utvikle tett samarbeid med den einskilde skule for å gje dei best mogleg oppfølging.
- Bidra til større medvit om rørsleferdigheiter
- Utvikle eit tett samarbeid med kommunane både fagleg og organisatorisk

Arbeidet med «Slå på ringen», der uteleik og rørsle i skulen er i fokus, er eit fast tilbod til alle barneskulane i Sunnmøre friluftsråd sine medlemskommunar. 2025 var vårt 6. driftsår, og det er no 55 skular som nyttar seg av tilbodet. Skulane får tilbod om kurs kvar vår og kvar haust. Dette er eit unikt arbeid som vi er aleine om i landet. Gjennom dette prosjektet har vi utvikla ei kontakt med kvar einskild skule og vi følger utviklinga av uteleiken og rørsleferdigheitene blant barn tett.

Prosjektet er retta mot både elevar og tilsette og har mål om å få fokus på meir uteleik, tryggleik, rørsle og glede i skulegardane. Tilbodet er gratis for skulane som er med.

Målet med «Slå på ringen» å skape større merk-



Leikepatruljekurs, Hareid kommune, 2025

send rundt uteleiken. Vi vil inspirere til enkel og variert uteleik. I ei tid der fysisk aktivitet og trening blir målt i pulsslag og kilometer, vil vi bidra til å styrke kunnskapen om og kjennskapen til kva uteleiken er og kva den gjer med oss.

Uteleik er mykje meir enn frisk luft og fysisk aktivitet. Her møtest framtidsferdigheitene og fagfornyinga. Leik, rørsle, samhandling og læring heng saman. «Slå på ringen» styrkar den enkle, genuine og sjølvdrivne uteleiken. Dette gjer vi gjennom kurs for elevar, tilsette i skulen og andre.

Prosjektet har fått godt fotfeste i grunnskulane på Sunnmøre. Vi opplever at stadig fleire oppdagar og ser behovet for kompetansen som no ligg i «Slå på



Leikepatruljekurs for elevane i Sykkylven kommune. 80 elevar frå fire skular.



Leikepatruljekurs for elevane i Sykkylven kommune.

ringen», og erfaringane vi gjer oss på tvers av mange skular og barnegrupper. Derfor at det viktig å få utvikle dette vidare.

I 2025 gjennomførte vi totalt 33 kurs med tilsaman 1.486 deltakarar fordelt på våre medlemskommunar, med unntak av Herøy, Sande og Vanylven som vil ha prioritet i 2026.

Vi tilpassar kvart einaste kurs til den einskilde kommune og har tett dialog med dei tilsette som følgjer elevane for å tilby rørsleøvingar og uteleikar som passar deira elevar og skulegard.

Det er eit stort og viktig arbeid som leggjast ned i dette prosjektet som gir oss eit eineståande innblikk i korleis det står til med rørsleferdigheitene og

leikekompetansen i vårt fylke. Kursa koordinerast av ein koordinator i kvar kommune. Dette er eit viktig bindeledd mellom friluftsrådet og skulane og sikrar at kommunane er informert og involvert i prosjektet. Koordinatoren organiserer også nettverksmøter mellom friluftsrådet og skulane i sin kommune. Her blir det utveksla informasjon og erfaringar som er særst nyttige for både friluftsrådet, kommunane og den einskilde skule.

Inger Bakke er prosjektleiar for «Slå på ringen». Saman med henne blir det leigd inn medinstruktørar ved behov.

Prosjektet vart i 2025 drive med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Ei stor takk til dei for støtta.

Utandørs livredningsprøve og kurs

Utandørs livredningsprøve og kurs vert gjennomført i samarbeid med Morten Gjerseeth, som er fysioterapeut i Volda og har svært lang erfaring med symjing og livredning inne og ute.

Utandørs livredning og utesymjing står spesifikt som eit kompetansemål i læreplanane i skulen. Etter læreplanen i kroppsøving skal elevane når dei går ut frå ungdomsskulen «forstå og gjennomføre livberging i, på og ved vatn ute i naturen». (KRO01-05, Utdanningsdirektoratet)

Det er utarbeida ein rettleiar som skal hjelpe skulane til å forstå kva tryggleiksrutinar og kompetansekrav som trengs for å drive undervisning eller aktivitetar med barn i, ved og på vatn. Ordlyden «i, på og ved vatn» sett med andre ord krav til rutinar og kompetanse også for å ta med borna på stranda eller langs ei elv eller vatn. Rettleiaren som heiter «En veileder til trygg opplæring i, ved og på vann og bading i skolens regi» kan ein laste ned på svømmedyktig.no.

Det er eit stort behov for kompetanseheving om utandørs symjing og livredning i skular, SFO og barnehagane i kommunane. Friluftsrådet har gjennomført utandørs livredningskurs og livredningsprøve for lærarar sidan 2011.

Kursa til friluftsrådet er svært praktiske med mykje erfaringslæring og didaktikk.



Morten Gjerseeth instruerer i kasteteknikkar med livbøye. Foto: Christer Lundberg Nes.

Gjennomført aktivitet for 2025:

- 1 kurs i Vanylven kommune
- 16 lærar



Instruksjon i hjarte-lunge-redning med Morten Gjerseeth.

Med mose i håret og plaster på såret

Tal for 2025:

- 13 verkstadar
- 195 deltakarar

«Med mose i håret og plaster på såret» er eit tilbod til barneskular i Møre og Romsdal som har utfordringar knytt til integrering og eller uønska åtferd. Gjennom ein praktisk verkstad i uteleik og innføring i grunnleggjande førstehjelp vil vi bidra til glede, fysisk samhandling og meistring.

Innhaldet i verkstadane bygg konkret på metodane som Sunnmøre friluftsråd har utvikla gjennom prosjektet «Slå på ringen» med enkle leikar og øvingar knytt til rørsle, balanse og rytme.

(Les meir om Slå på ringen på nettstaden til Sunnmøre friluftsråd: friluftsradet.no)

Innlemma i aktiviteten fekk elevane opplæring i enkel førstehjelp. Prosjektet er veldig populært og det er tydeleg at det er nyttig for både elevar og tilsette.

Vi gler oss til å halde fram med dette tilbodet i 2026.

Prosjektet er støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune/Miljødirektoratet.



Baklengsgange med elevar på Aspøy skole.



Elevane får lære grunnleggjande førstehjelp. Her frå Hessa barneskole.

Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»



På Stikk UT!-tur til Hasundhornet med elevar frå Ulstein ressurscenter.

Tal for 2025:

- 10 arrangement
- 235 elevar ved vaksenopplæringa i Ålesundsregionen og Ulstein
- Deltakarar i alderen 16 til 60 år

Målet med prosjektet «Naturen som eg er ein del av», er å invitere og inspirere innvandrarar til å få meir kunnskap og erfaring med norsk natur gjennom året. Viktigheita av helseperspektivet ved det å vere ute og i rørsle står også sentralt. Dette er i hovudsak for personar som ikkje hadde noko erfaring med norsk natur frå tidlegare.

I 2025 var det elevar ved vaksenopplæringssentra i Ålesund og Ulstein som fekk tilbodet. Ved å samarbeide med vaksenopplæringa og ressursentra når vi mange og kan bygge gode relasjonar til læringsinstitusjonen. Slik blir kunnskapen implementert i undervisninga og læringssinstitusjonen.

Deltakarane var frå 16 til 60 år. Friluftsrådet ved prosjektleiar Inger Bakke, med god hjelp av Jenny Nystad, har gjennomført totalt 10 samlingar for deltakarar i 2025. Tema har vore: Trugeturar, aking, Mat på bål, nærturar til nærmaste gapahuk og Stikk UT-turar.



Vår og ved med Ålesund vaksenopplæring.

Utleige av færingar

Sunnmøre friluftsråd eig to færingar for utleige til privatpersonar, lag og foreiningar.

Færingane heiter «Leia» og «Linge».

«Linge» har plass til fire personar og «Leia» har plass til seks personar. Færingane blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg til kai ved Sunnmøre Museum.



«Linge» og «Leia».

Lån av friluftsutstyr

Friluftsrådet har mykje utstyr til gratis utlån til friluftslivsorganisasjonar, skular og barnehagar.

Utlånsboda under trappa til kontora våre på Digerneset gjer at lånetakar kan hente og sette frå seg utstyr på ein fleksibel måte der utstyret står trygt og tørt under tak og veggar.

Ny kajakkhengar frå Sparebanken Møre

Med midlar frå Sparebanken Møre Teft har friluftsrådet kjøpt inn ein spesialbygd Tredal kajakkhengar og 10 nye North Shore Atlantic-kajakkar.

Friluftsrådet har no to kajakkhengingar med kajakkar til utlån som høver til barn i barneskulealder, og to kajakkhengingar med kajakkar til utlån som høver til ungdom i ungdomsskular.

For å få låne kajakkar med friluftsrådet må lånetakar/ansvarleg instruktør på vatnet vere godkjend aktivitetsleiar i våttkortstigen til Norges padleforbund.



Utlånsboda under trappa til kontoret på Digerneset.



Nye North Shore Atlantic kajakkar ventar på ungdommar på padlecamp på Kjeldsund. Innkjøpt sommaren 2025 med midlar frå Sparebanken Møre Teft.

Litt statistikk frå utlån i 2025

Lavvo: 345 barn og 88 vaksne

Truger: 26 barn og 2 vaksne

Kajakkar: 343 barn over 36 dagar

Discgolf: 100 barn

Skredopplæring/Orto mountain: 64 personar

Taubruer: 34 barn



Taubruer.

Aktivitetsarbeid i fritida

Friluft Ung er eit samleomgrep for våre tre store tiltak for ungdom:

- Vinterferieleir i februar
- Padlecamp i august
- Kveldsaktivitetar i Ørsta

Gjennomført aktivitet for 2025:

- 1 vinterferieleir for 20 ungdommar
- 2 padlecampar på Kjeldsund for tilsaman 25 ungdommar
- 2 dagskurs kajakk for 15 ungdommar
- 11 kveldsopplegg for totalt 94 ungdommar i Ørsta
- Delt ut 40 våttkort og 10 brattkort til ungdom



Vinterferieleir i Sykkylven. Alle bilde på denne sida: Christer Lundberg Nes.

Vinterferieleir

Vinterferieleiren i Sykkylven var ein suksess, og leiren i 2025 var full med 20 ungdommar 2. året på rad! Vi nyttar Orreneset på Fjellsætra/Nysetervatnet som base i fem dagar.

Ungdommane ligg på hytter og får tilbod om lågterskel vinterfriluftsliv; turski, truger, tilbod om alpint i skitrekket ein halv dag, snøforming og «capture the flag», mat ute, bål, aking og ulike leikar.

Friluftsrådet nyttar materiell frå eigen utstyrsbase, samt at vi lånte utstyr frå Skattekameret Ålesund.



Kveldssamling.



Kuul buff.



Klar for alpindag i bakken på Fjellsætra.

Kveld- og fritidsaktiviteter i Ørsta

Friluftsrådet har i haust arrangert 11 aktivetskvelar i Ørsta.

Det har vore aktivitetar i Voldabadet med instruktør og tips i dødsing/stuping, klatrekurs med Sunnmørsk klatreklubb, hatt mat ute på bål og halloween-førebuing.

Fleire ungdommar har vore med på fleire kveldar. Og totalt har vi nådd 94 møtepunkt med ungdom på desse kveldande.

Etter klatrekurset bestod 10 ungdommar brattkort-prøva og fekk brattkortet!

Vi har primært brukt materiell frå eigen utstyrsbase, og supplert med utstyr frå BUA Ørsta og Sunnmørsk klatreklubb.



*Instruksjon med Sunnmørsk klatreklubb i Ørstahallen.
Alle foto på denne sida: Philipp Wintermann.*



Mat på bål.



Bygging av flåte. Begge foto på denne sida: Christer Lundberg Nes.

Padlecamp

Padlecamp siste veka av sommarferien er svært vellykka og er no ein tradisjon for friluftsrådet.

Friluftsrådet sine padlecampar på Kjeldsund fekk støtte med Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre.

Friluftsrådet gjennomfører eit grunnkurs kajakk for ungdom som ein padlecamp over tre dagar i staden for to lange dagar som vanleg. Fleire og kortare kajakk-øktar gir mykje større overskot for lek, vasstilvenning og teknikklæring for ungdommane. I tillegg gir kveldane ei sosial og kjekk ramme for å bli betre kjent og ha det gøy i lag.

Aktivitetane vi legg opp til med kajakk har mykje samarbeid og øvingar som etter vår erfaring gir ungdommane stor grad av meistring, meistringsglede og vasstilvenning.

Fleire BUA-ordningar i distriktet har kajakkar til gratis utlån til dei som har våttkort (Kajakkurs i våttkortstigen til padleforbundet) og totalt har friluftsrådet delt ut 40 våttkort til ungdommar på padlecampar og introkurs sommaren 2025.

Kjeldsund er allereie booka for sommaren 2026.



Frå padlecamp på Kjeldsund sommaren 2025.



Padling på Kjeldsund sommaren 2025.



Friluftsskolen i Volda. Foto: Fabian Wixe.

Friluftsskular

Gjennomført aktivitet for 2025:

- 4 friluftsskular i juni med 79 barn

I 2025 vart det gjennomført friluftsskular på Stafsethneset i Ålesund, Nesselva i Hareid, Botnasanden i Volda og Hovdevatnet i Ørsta.

Årets friluftsskular var svært attraktive og vellykka. Alle var fullteikna og totalt 79 barn var med på friluftsskulane. Med støtte frå Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre fekk to av friluftsskulane også moglegheit til å ta med borna på ein avsluttande overnattingstur.

Til gjennomføringa fekk friluftsrådet god hjelp av dyktige leiarar: Philipp Wintermann har vore koordinator med støtte frå Aurora Marjala. Med som leiarar var Ingrid Lauritzen, Fabian Wixe, Rasmus Hansen og Linnea Brekke Nes.

Alle leiarane har ein dag med kurs i utandørs livredning med avsluttande godkjend utandørs livredningprøve.

Friluftsskulane er ei nasjonal satsing og samarbeidsprosjekt mellom Friluftsrådenes Landsforbund og DNT. Friluftsskulane har nokre obligatoriske tema som kartforståing og leirliv.



Hengekøye og lavvo til overnattingsturen. Foto: Fabian Wixe

I tillegg er det ulike tema som førstehjelp, og lokalt har friluftsrådet også mykje bading og kajakkpadling. Til å lære borna orientering kom det to dyktige ungdommar frå Emblem IL orientering.

Det er laga ein eigen fyldig erfaringsrapport av Aurora Marjala og Philipp Wintermann som ein kan få ved å ta kontakt med friluftsrådet.



I mai var det oppstart av Naturmøteplassen i Bakkedammen i Sykkylven med godt oppmøte. Også ordfører Olav Harald Ulstein (t.h) tok seg tid til å bli med på opninga.

Naturmøteplassen

Naturmøteplassen er eit lågterskel og uforpliktande tilbod til alle som har høve til å gå tur på dagtid, og som set pris hyggelege møte med andre. Ved turmålet, som er ein gapahuk eller grindbygg, brenn bålet og kaffien er klar i eit fast tidsrom ein bestemt dag kvar eller annankvar veke. Blide og inkluderande vertar tek hjarteleg imot alle som kjem. Dei spanderer varm drikke med enkel servering - og slår gjerne av ein prat.

Folkehelsetiltak

Naturmøteplassane er eit godt folkehelsetiltak der folk både kjem seg ut på tur og samtidig har det sosialt og kjekt saman med andre. Tilbodet er til personar i alle aldrar som er ledig på dagtid.

To nye i 2025

I 2025 starta vi opp to nye naturmøteplassar som har blitt godt motteke. Dette er Parken i Fosnavåg (Herøy kommune) og Bakkedammen i Sykkylven. I alt har vi no 14 Naturmøteplassar som meir eller mindre går av seg sjølv ved hjelp av dyktige frivillege vertar. Sjå gjerne nettsida til friluftsrådet for oversikt og kva dagar dei ulike plassane er i drift.

Vi har god hjelp frå frivilligsentralane til å organisere

Tal for 2025:

- 14 naturmøteplassar med ca. 328 arrangement
- ca. 10.000 besøkande i alle aldrar
- 75 frivillege vertar legg ned dugnadsinnsats til ein verdi på ca 1,1 million kroner.

og sette opp vaktlistar, der frivillige enkeltpersonar, lag og organisasjonar og friluftsrådet byter på å vere vertskap.

Friluftsrådet dekkjer utgiftene til ved, kaffi, enkel servering, utstyr osv, takka vere midlar frå Miljødirektoratet.

Motivasjon

Talet på besøkande aukar år for år, og per gong varierer det frå 10-100 personar - avhengig av vêr og årstid.

Naturmøteplassane motiverer folk til å kome seg ut på tur i friluft heile året, og nesten uansett vêr. At så mange kjem kvar gong, betyr at dei i alle fall kjem over dørstokkmila ein dag i veka. Og sidan dei må gå eit stykke for å kome fram, er det grunn til å tru at forma blir betre også.



I mars starta vi opp Naturmøteplass i Parken i Fosnavåg der desse trivelege damene er med som vertskap.
F.v: Mona Høybakk Voldsund, Liv Hogrenning, Britt Paulsen (frivilligkoordinator), Lee Dale Herskedal, Bente Storvik, Monica Torvik Stokset og Julianne Auberg Hauge (dei to siste frå prosjektgruppa «friluftsliv for alle i Herøy 2025»).



Det blir meir enn vanleg god stemning i Kaffivika når dei spele glade vertane Oddbjørn Øien (t.v) og Frank Vågnes stemmer i med nokre gladlåtar.



To av våre trufaste og hyggelege vertar på Naturmøteplassen ved Dam 2 på Aksla ein kald vinterdag: Nils Espen Lilleheim (t.v.) og Benny Sørensen.

Stikk UT! og andre turrutebasar

Stikk UT! 2025

I 2025 var det 10 år sidan Stikk UT! vart innført på Sunnmøre, og som har ført til at alle kommunane på Sunnmøre + Vestnes er medlem i friluftsrådet.

Tala viser at Stikk UT! er populært som aldri før, og særleg aktiviteten om vinteren (med både ski og fotturar) har auka både når det gjeld deltakarar og registreringar.

Stikk UT! Norge

Innføringa av Stikk UT! Norge i 2024 førte til omlegging både i app, turdatabase og nettside. Dette for å imøtekomme behova til dei andre friluftsråda som har slutta seg til.

Etter pilotprosjektet i 2024 med ni friluftsråd, har heile 16 friluftsråd (med 126 kommunar) vore med i 2025. I 2026 har endå fleire (19) sagt dei vil vere med og vil då omfatte 156 kommunar.

I september hadde Stikk UT! for første gong eigen fagdag under tilsettsamlingen for alle friluftsråda. Hans og Hilde deltok på dette.

Stikk UT! sommar 2025

I Stikk UT! har vi statistikk på mykje, og det er nyttig å følgje utviklinga frå år til år både når det gjeld aktivitet i dei ulike kommunane, alder på deltakarar og korleis aktiviteten er gjennom dei ulike månadane og gjennom vekene.

I 2025 vart det totalt for Stikk UT! Norge registrert om lag 1,3 million turar av nesten 76.000 deltakarar.

I Møre og Romsdal deltok knappe 44.000 deltakarar (ca 2.000 færre enn i 2024) og det vart registrert over 928.000 turar (nesten 20.000 fleire enn 2024). På Sunnmøre var det nesten 22.000 deltakarar som registrerte 463.500 turar. Totalt i Møre og Romsdal var det 620 turmål i sommarsesongen 2025. 330 av desse var på Sunnmøre + Vestnes.

Stor motivasjonsfaktor

Stikk UT! når alle aldersgrupper og lag av befolkninga, og deltakinga syner klart at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for folk til å kome seg ut på tur, oppleve nye turmål og kome i betre form.

Dei siste åra har vi sett ein klar tendens til at nærturane har blitt meir og meir populære. I tillegg jaktar mange Stikk UT!-turmål rundt om både i fylket og lan-

Nøkkeltal for 2025 (sommar + vinter):

- ca 30.781 deltakarar
- ca. 600.005 turregistreringar
- 548 turmål med unike kodar (330 sommar, 218 vinter)

det elles, og oppdagar nye fine turmål. Resultatet og direkte tilbakemeldingar viser at Stikk UT! gir stor trivsel og har ein god helseeffekt, noko som i alle år har vore ei bevisst målsetjing i arbeidet med turtrimmen.

Engasjementet og iveren med Stikk UT! er framleis stor. Samtidig bidreg turtrimmen til gode møteplassar og nye turopplevingar. Med bakgrunn i dette held vi fast ved påstanden om at Stikk UT! er blant dei fremste folkehelseiltaka i Møre og Romsdal.

Stikk UT! vinter

Ei stadig større satsing på Stikk UT! Vinter har gitt auke både i tal på deltaking og registrerte turar år for år.

I vintersesongen 2025 var det 392 vinterturmål i heile fylket, derav 218 på Sunnmøre. Nesten 15.700 personar deltok, og desse registrerte over 237.000 fot- og skiturar (ei auke på 37.000 fleire enn vintersesongen i 2024).

Dette viser at Stikk UT! er ein stor motivasjonsfaktor for å få folk ut på tur i den kalde og mørke årstida også – ei tid det er lett for å vere meir inne og mindre aktiv.

Aktivitet, samhald og gode turvanar på arbeidsplassane

Mange bedrifter deltek også på Stikk UT! som samla lag. Det har vist seg at dette er ein god motivasjonsfaktor for tilsette til å komme seg på tur.

I 2025 gjekk vi over til heilårspakkar for bedriftene, det vil seie at dei er påmeld både i sommar og vintersesongen. 260 arbeidsplasser var med i 2025, og vi ser at deltakarar i bedriftene faktisk er blant dei mest aktive i Stikk UT!, noko som både skuldast interne konkurransar og at ein inviterer kvarandre med på tur.

I Stikk UT! Bedrift deltok 6.600 deltakarar som registrerte litt over 289.000 turmål (mot 243.000 i 2024).

Bedriftene betaler inn ein liten årleg sum for å



Ein flott gjeng med Stikk UT!-kontakter i kommunane, som utgjør sjølve navet i Stikk UT!-arbeidet. Her fotografert under oppstartsmøte for Stikk UT! sommar 2025. Sitjande framme f.v. Kristin Myrene (Herøy kommune), Kristine Sofie Orheim Hansen (Volda kommune), Birgit Vollen (Vestnes kommune), Randi Irene Helgøy (Vanylven kommune) og Kai Oskar Eidsvik (Ålesund kommune). Ståande bak f.v. Gudrun Wangsmo (Sykkylven kommune), Silje Kiperberg Aksnes (Hareid kommune), Tove Sperre (Sykkylven kommune), Leif Ringstad (Ulstein kommune), Elisabeth Flåskjer Kjerstad (Sula kommune), Nina Nordang (Haram kommune), Emilie Glas (Ålesund kommune), Hilde Ellingsæter (Sunnmøre friluftsråd), Torill Morsund Huse (Ålesund kommune), Mathilde Solbakken (Ålesund kommune) og Kristi Linge Stakkestad (Fjord kommune).

delta, og dette er ei viktig inntekt for Stikk UT! og drifta av turregistreringa, som er gratis for alle andre.

Kart til alle husstandar

Til sommarsesongen gav vi også i 2025 ut ein kart-brosjyre med oversikt over sesongens turmål på Sunnmøre. Dette vart sendt ut til alle husstandar (67.000) på Sunnmøre + Vestnes i slutten av april, om lag ei veke før sommarsesongen starta. I motsetning til åra før, der vi har hatt med også ein kartdel for Nordmøre og Romsdal, valde vi å vie denne plassen til friluftslivets år med oversikt over arrangement og aktivitetar i kommunane. Det var mange som sakna kartdelen frå andre sida av Romsdalsfjorden så i 2026 blir det tilbake til to kartdelar igjen.

Det ligg mykje arbeid og ein stor kostnad i kartet. Likevel ser vi det som viktig å sende ut då dette er friluftsråda sin invitasjon til alle om å delta på Stikk UT!.

Vi får mange tilbakemeldingar om at kartet er viktig, og etterspurnaden startar gjerne tidleg i april. Vi opplever at det alltid er spenning før sesongstart knytt til kva som er sommarens turmål.

Ei stor takk til vår hovudsponsor Sparebanken Møre som bidreg til at vi kan gi ut kartbrosjyren.

Stikk UT! Festival med teltjakt

Også i 2025 vart det arrangert Stikk UT!-Festival i friluftslivets veke (første veka i september). Målet er å feire den store turgleda i fylket, skape ekstra blest om Stikk UT! og få ekstra mange ut på tur i løpet av veka. Vi freista med fine Stikk UT!-premiar, deriblant også eit Fjellräven fjelltelt i god kvalitet. Både dei mest aktive bedriftene og tilfeldige vinnarar som registrerte Stikk UT!-turar i løpet av veka vart premiert.

13.500 deltakarar i Møre og Romsdal registrerte 50.000 turar gjennom veka.

Frivillig arbeid


Stikk UT! har mange frivillige i sitt apparat. Desse er heilt vesentlege i både planlegging og tilrettelegging for gjennomføringa av turtrimmen, mellom anna innmelding av turmål, turskildringar, skilting, merking, vedlikehald og trakking av skiløyper m.m.

I vintersesongen har vi også mange frivillige og løypekøyrarar frå 50 skiklubbar, pluss nokre løypelag og kommunar, som brukar mykje tid og oppsparte midlar til å tilrettelegge flotte skiløyper for alle som er glade i å gå på ski. Her vil vi også nemne Møre og Romsdal skikrins ved Stig Aambø som ein svært vesentleg samarbeidspart på skidelen.

Utan den store innsatsen frå dei frivillige og velviljen frå grunneigarar hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre turtrimmen i den skala vi gjer. Ei stor takk til kvar og ein som bidreg.

Førstehjelp til Stikk UT!-stiar

Stor turaktivitet og klimaendringar med auka nedbørsmengder gjer at stiar blir slitte. Stikk UT! fekk med bakgrunn i det eit eige Stifond i 2023, der enkelt-personar, lag, foreiningar og kommunar kan søke midlar til førstehjelpstiltak på Stikk UT!-stiar. Det er Sparebanken Møre som har gitt 500.000 kr til fondet, likt fordelt på dei to friluftsråda.



Stikk UT!-kartet 2025 vart sendt ut til 67.000 husstandar på Sunnmøre og Vestnes i slutten av april.



Jon Haraldsvik toppar lista over dei som hadde flest Stikk UT!-turar i Fjord kommune sommaren 2025. Her vart han overraska med gåve frå Stikk UT! og Hilde Ellingsæter i høve 90-årsdagen i oktober.

2025 er tredje året med stifondet, og også dette året fekk vi så mange søknadar at heile fondet vart delt ut. Søknadane tikka inn jamnt og trutt gjennom heile sommaren der vi hadde løpande behandling. Ved sesongslutt hadde vi fått inn 22 søknadar, der 20 oppfylte kriteriane og fekk utbetalingar på maksimum kr 15.000 per søknad/prosjekt. Midlane har tydelegvis kome godt med, og vi sitt att med mange takksame søkarar som no får gjort enkle men naudsynte utbetringar på stiane.

Informasjon om turstifondet var gjort i Stikk UT!-kartet, på stikkut.no, pressemeldingar, og e-post til Stikk UT!-kontaktar og kommunar.

Stikk UT!-vett er viktigare enn nokon gong

Etter kvart som turinteressa har blitt svært stor, har det blitt viktig for friluftsråda som driv Stikk UT! å rettleie turgåarar slik at dei viser omsynsfull ferdsel.

Berekraftig friluftsliv handlar om at kvar enkelt av oss tek gode val, og ferdast utan å etterlate spor i naturen. Alle pliktar å vise omsyn til natur, grunneigarar og andre ein møter. Derfor har Stikk UT!-vettreglane blitt viktige for friluftsråda, og det blir sett stort fokus på dei mellom anna i kartet. I 2025 fekk vi saman med Friluftslivet Nordmøre og Romsdal også laga til ein film om turvettreglane.

Turgåarar er stort sett flinke til å ta med seg søppel og parkere på tilviste plassar. Men vi får av og til



Desse dyktige elevane, omkransa av Anne Berit Støyva Emblem og Eva Hove på venstresida og Hilde Ellingsæter heilt t.h., vann innovasjonscampen ved Hareid ungdomsskule med Stikk UT! som tema i 2025. Styremøte i mars vart lagt til Hareid for å høyre elevane framføre presentasjonen sin. Dei framførte med glans og vi tek med oss mange råd og innspel i det vidare arbeidet med Stikk UT!

meldingar om lause hundar som forstyrrer beitedyr og fuglar.

Stikk UTFORDRINGAR

Nytt i appen i 2025 var Stikk UTFORDRINGAR som enkelt forklart er ein konkurranse i konkurransen. På Sunnmøre hadde vi ei utfordring i oktober som vi kalla «10 på tampen» der vi prøvde å pusje folk til litt ekstra innsats siste månaden med Stikk UT! sommar. Det var eiga teljing for konkurransen med uttrekte premiar til dei som registrerte minst 10 turar.

Stikk UTFORDRINGAR kan også brukast av kommunar, idrettslag og liknande.

Kåring av Stikk UT! favoritturar

I september stelte friluftsråda i fylket til ei kåring der deltakarane vart invitert til å stemme på sin Stikk UT! favorittur, og som skapte ein del angasjement. Vi fekk inn 340 svar og t.h på sida ser ein kva resultatet av kåringa vart.

Stikk UT! favoritturar sommar 2025

Ålesund kommune – Borgundgavlen
 Ørsta kommune – Fonnvernet, Storelva på langs i Barstadvik, Rambjørhornet (like mange stemmer)
 Volda kommune – Gapahuken på Lid
 Vestnes kommune – Helsetnakken
 Vanylven kommune – Skåratinden
 Ulstein kommune – Breifjellet og Osberget (like mange stemmer)
 Sykkylven kommune – Sessvatnet
 Sula kommune – Svanshornet
 Stranda kommune – Skaret og Ljøsætra (like mange stemmer)
 Sande kommune – Sandslegene
 Herøy kommune – Storhanen og Igesundshetta (like mange stemmer)
 Hareid kommune – Rotarystien og Håbaknotten (like mange stemmer)
 Haram kommune – Alvestadhuken (turvegen på Alvestad)
 Giske kommune – Storhornet
 Fjord kommune – Mosætra

Prosjekt i regi av fylket:

Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar

Gode kommunale planar for friluftslivets ferdselsårer er med på å identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Planane vil òg vere viktig kunnskap for å ivareta friluftsliv i anna arealplanlegging, og samtidig vere ein plan for korleis ferdselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdselsårer. Kommunane har ei viktig oppgåve for å legge til rette for godt planlagte stiar, løyper og turvegar. Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet er grunnlaget for ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer i regi av Miljødirektoratet.

I perioden 2020-25 har fylkeskommunen leiar prosjektet «Friluftslivets ferdselsårer Møre og Romsdal». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal har bistått kommunane i å utarbeide eigen plan for friluftslivet sine ferdselsårer. Vi har bidrege med å fremme samarbeid om ei planmessig utvikling av friluftslivet i kommunane. Innbyggjarane i kommunen har også medverka i planarbeidet, og endeleg plan skal godkjennast av kommunestyret.

I fylkeskommunen sin anleggspolitikk er friluftsliv eit av tre satsingsområde. Det vil vere avgjerande for kommunane sin tilgang til spelemidlar og andre tiskot til anlegg dei komande åra at dei får på plass ein planmessig og strukturert utvikling av friluftslivs- anlegg som inngår i ein kommunal plan for friluftsliv.

13 av 15 kommunar på Sunnmøre har starta planarbeidet for Friluftslivets ferdselsårer, men har kome ulikt i prosessen. Giske kommune sin plan er vedteken, medan Ålesund sin plan er ferdig med høyring og blir vedteken ila våren 2026. Ulstein/Hareid sin plan er ute på høyring. Fjord, Sykkylven, Volda og Ørsta har starta arbeidet med planen, medan Stranda, Sykkylven,



Giske kommune
Kontakt oss Mi side Web-TV Translate Friskus

Du er her: Startiden / Kunngjeringer / Høyring - Friluftslivets ferdselsårer

Høyring - Friluftslivets ferdselsårer 2024-

Giske formannskap vedtok 26. august 2024 å legge ut Plan for friluftslivets ferdselsårer 2024-2036 på høyring.
Høyringsfristen er sett til 1. november 2024.

Viser til F-sak 075/23 frå 6. juni 2023 om å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdselsårer i Giske kommune. Målet med ein slik plan er å identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårer i kommunen for å sikre og vidareutvikle eit attraktivt tilbod til innbyggjarane med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv, jf. kommuneplanens samfunnsdel.

Kjystymphet
Giske kommune

Plan for friluftslivetsferdselsårer 2024 - 2036 – høyringsforslag (PDF, 3 MB)

Kartvedlegg:

Plan for friluftslivets ferdselsårer (PFF) - Giske og Valderøya_31.07.2024_m.koder (I) (PDF, 2 MB)

Plan for friluftslivets ferdselsårer (PFF) - Godeya_07.08.2024_m.koder (I) (PDF, 721 kB)

Plan for friluftslivets ferdselsårer (PFF) - Vigra_31.07.2024_m.koder (I) (PDF, 1016 kB)

Døme på plan på høyring, frå Giske kommune

Vestnes, Sula, Haram, Herøyhar vedteke å starte arbeidet med planen. Gjenståande kommunar som ikkje har søkt om midlar er Sande og Vanylven.

Friluftsrådet bistår i planarbeidet, og har mellom anna hatt felles digitale opplæringsmøter og delteke på møter i nokre av kommunane. Vi har også hatt med ein person i prosjektgruppa for utarbeideing av planen i Ålesund kommune. I 2025 har Friluftsrådet også delt eksempel på planar på eiga nettside.

Mange kommunar i fylket har tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (KVF), og har dermed eit godt grunnlag å gå vidare med ferdselsåreprosjektet.

Vi har tatt inn eit målepunkt i Friluftsbarmometeret der vi måler kommunane om dei har starta og gjennomført plan for Friluftslivets ferdselsårer. Dette er ei bevisstgjerding for kommunane.

Fylkeskommunen har også ein stor database med ca. 2500 GPS-spora turruter i morotur.no

Utvikling og kompetanseheving:

Medarrangør i kurs for Utendørsterapi

Utendørsterapi er målretta og tilrettelagt bruk av friluftsliv. Det foregår i alt frå nærnatur til villmark med terapeutisk og helsefremmande formål.

Målet er sjølvhjelp og auka kunnskap om eiga helse. Gammal kunnskap og ny forskning seier mykje om kor viktig rørsle i friluft er i behandling og rehabilitering for barn, unge og voksne.

Sunnmørte friluftsråd har i 2025 vore med på å gjennomføre det første kursopplegget med Utendørsterapi i Møre og Romsdal.

Vi har bidratt med fagleg innhald og tilrettelegging. Kursopplegget har gått over seks dagar fordelt på tre samlingar.

Utendørsterapi handlar om å ta med pasientar og brukarar ut i naturen. Det er aktuelt både i folkehelse-satsning, førebygging, behandling og oppfølging. Målgruppa er barn, familiar, pårørande, vaksne og eldre.

Det var KORUS som er arrangør. Med på laget var også Sunnmøre friluftsråd, NAPHA, KBT og brukerorganisasjonen Medvanderne med støtte fra RIO/Alarm og Mental helse.

Dette samarbeidet har vore inspirerende for friluftsrådet gjennom auka kompetanse, utviding av nettverket til Sunnmøre friluftsrådet og deling av kunnskap om friluftsliv, forskning og utvikling.



Friluftsrådet hadde kurs i matlaging på bål.



Inger Bakke i friluftsrådet hadde kurs i uteleik og rørsle.

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

Statleg sikring og forvaltningsplanar

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100 prosent av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50 prosent dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegere heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet skal vere pådrivar og hjelp for kommunane i arbeidet både med å søke statleg sikring og utforming av forvaltningsplanar for områda som er blitt statleg sikra.

Dei aller fleste søknadane blir innvilga, og dette er ei viktig kjelde til finansiering av tilretteleggingstiltak.

Både kommunane sjølve og friluftsrådet søker kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bål-plassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett, parkeringsplass osv. Føresetnaden er at kommu-

nane, saman med friluftsrådet, lagar forvaltningsplanar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Friluftsrådet gir rettleiing til frivillige som vil påverke kommunen til å sikre eit område. Vidare er vi med på synfaringar og møter med kommunar og grunneigarar. Når kommunen skal i gang med sjølve søknaden om sikring, gir vi også «steg-for-steg»-rettleiing.

I 2025 har nytt toalett på Hundsvær kome på plass, og Øyna i Fjord har blitt statleg sikra. Vi har samarbeidd med Sula om fornying av deira forvaltningsplan.

Vi har også gjennomgått kommunale forvaltningsplanar og hatt fleire møte med kommunar om statleg sikring og utarbeiding av planar for friluftsområda.

På slutten av året har vi vore med i prosessen med at Prinsen camping Ålesund kommune vart statleg sikra, der vi har bidratt med råd og innspel.



Storholmen er eit av dei statleg sikra områda vi steller gjennom sommaren.



Nytt toalettbygg på øya Hundsvær i Borgundfjorden.



Foto av ørn på døra.



Nysgjerrige kyr fattar interesse for beitepussaren som blir brukt til å halde områda vi skjøttar i orden.



Ny grill vart i 2025 utplassert på Haugneset i Sykkylven, med midlar frå post 78 (tiltak i statleg sikra friluftsområde) i Miljødirektoraret.

Skjøtsel og drift gjennom året

Driftsavdelinga til friluftsrådet har heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og nye tilretteleggingstiltak i mange statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar som bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bål plassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt m.m. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde (sjå vedlegg som gir ei fullstendig oversikt over våre ansvarsområde og kva vi eig).

Drifts- og skjøtselsarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjonar av installasjonar vi har ansvaret for.

Vi samarbeider med fleire instanser gjennom året, og har t.d kurs og øvelsar innanfor oljevern.

Velforeningar og andre bidreg med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.

Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr

På Digerneset har vi 11 kontor plassar med fellesareal og møte/undervisningsrom, og 150 m² lager og verkstadlokale. Fagleiar for aktivitet har kontor plass på Volda Campus. Statens Naturoppsyn leiger eitt av kontora på Digerneset.

Vi disponerer fire arbeidsbilar, fleire bilhengarar, tre båtar, ein beitepussar og anna nødvendig utstyr og reiskapar (sjå eige vedlegg).

I utstyrsbasen for utlån av friluftsutstyr til skular/bhg har vi mellom anna fleire kajakkhengarar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer m.m. (sjå eige kapittel om Lån av friluftsutstyr).

Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling og drift/skjergardsteneste/verkstad.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal

Skjærgårdstjenesten (SGT) i fylket er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten betalar 50 prosent av kostnadane, og fylkeskommunen og friluftsråda betaler 25 prosent kvar. I 2021 signerte vi ein samarbeidsavtale mellom dei fire partane, der Sunnmøre friluftsråd står for drifta og har det daglege, økonomiske, administrative, juridiske og operasjonelle ansvaret.

Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, men skal operere i heile fylket. Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftsliv-område, og er ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forøpling.

Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til skjærgårds-tenesta for våre område. Tenesta er også ein sam-

arbeidspart for Statens Naturoppsyn og del av beredskapen i fylket.

Arbeidsbåten «Rigmor» er viktigaste verktøyet, men ved behov får tenesta bruke den som passar best av dei tre mindre arbeidsbåtane til Sunnmøre friluftsråd.

Hovudformålet for Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal er å ivareta naturen sitt mangfald, og auke forståinga blant folk når det gjeld verdien av dette. Målsetjinga vidare er å bidra til at bruken av naturen aukar, samt å bidra i kampen mot marin forøpling.

Vi kan dele dette inn i seks hovudpunkt:

- Å drifte og vedlikehalde, allereie etablerte installasjonar på sjønære, offentlig eigde eller statleg sikra friområde i Møre og Romsdal for å tilrettelegge for fine opplevingar i naturen.



«Rigmor» i arbeid. Foto Torgeir Sund.

- Oppgradere og forbetre eksisterande område etter bestilling frå dei to friluftsråda i fylket. Dette med bakgrunn i at dei to friluftsråda søker midlar til dette etter medlemskommunene sine forvaltningsplanar og ønske.
- Etablere nye brygger og tilrettelegge på nye friareal etter statleg sikring som i punktet over.
- Vidareutvikle samarbeidet med Statens Natur Oppsyn (SNO), lage rutinar og samkøyre oppdrag for synergieffektar.
- Vere ein aktiv ressurs i kampen mot marin for-søpling, ta ansvar for rydding av statleg sikra område, men også vere ein utøvande funksjon for dei to friluftsråda i fylket som deira operative eining til strandrydding i heile fylket.
- Vidareutvikle avtalar og samarbeid mellom ansvar-lege partar i Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal, som igjen fører til utviding av aktivitet og oppgaver fordelt utover heile fylket.

Status båtar og mannskap

Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal har i 2025, hatt to faste tilsette i 100 prosent stilling. I tillegg til dette, har SGT nytta tilsette i Sunnmøre friluftsråd når dette har vore mogleg, og det har vore kapasitet til dette. Det har også vore leigd inn sommarhjelp og ekstrahjelp ved behov.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal disponerte to båtar i 2025:

- «Rigmor» som Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal kjøpte av Ryfylke friluftsråd i 2018
- Sunnmøre friluftsråd har også ein båt som Skjærgårdstjenesten har disponert, det er ein aluminiums arbeidsbåt på 7,7 m med bauglem og utanbords motorar (Sandtangen).

Arbeid gjennomført i 2025

Oppdrag for Statens naturoppsyn SNO:

- Tilsyn av ulike område og bruken av desse
- Rydding av fuglereservat
- Frakt av utstyr
- Sjekk av diverse skilt
- Køyning av oppsyn av laks/ørretgarn og teinefiske
- Felle-fangst etter mink

I 2025 har SNO-stillinga på Sunnmøre vore ubesett. Det har derfor vore noko mindre samspel mellom Skjærgårdstjenesten og SNO i denne regionen enn det brukar. Etter ny tjenestemann i SNO vart tilsett, har



Skjærgårdstjenesten samarbeider med Skansen under oljevernøvelse i Ålesund hausten 2025.

planlegging av nye samarbeidsprosjekt tatt til.

Dagane som SNO disponerer i Skjærgårdstjenesten, er brukt på faste oppgåver som er avtalt tidlegare, samt nokre oppdrag for Statsforvalteren i Møre og Romsdal.

Det er blitt henta inn søppel og båtvrak på bestil-ling. Det er også starta eit oppryddingsarbeid etter nokre hus som bles ned i ein storm for nokre år sidan. Dette er i eit fuglefredningsområde på Eggeholmene like nord for Stad. Dette arbeidet vil fortsette i 2026.

Skjøtsel/vegetasjonspleie:

I 2025, som tidlegare år har vi, i vinterhalvåret, brukt mykje tid på skjøtsel og vegetasjonspleie.

Det er brukt mykje tid på skogrydding langs stiar, samt fjerning av rotvelt. Områda vi har jobba mest med er Skråvika i Ørskog, Svinøya, Vikholmen, Mauren, og friområdet ved prestebrygga på Sjøholt. I Ålesund og Langevågsholmane i Sula.

Fjerning av uønska artar har i hovudsak vore sitka-gran, lønn, bulkemispel og rynkeroser.

Det har også blitt jobba med vegetasjonspleie, fjerning av einer og krattskog for å opne opp og gjere område tilgjengelege for folk. Det er også blitt beite-pussa der det er framkommeleg for beltepusaren.

Det er også i år frakta mykje beitedyr rundt på øyar og holmar, tilsyn og flytting er blitt ein vanleg del av driftsarbeidet i sommarhalvåret.

Tilretteleggingsprosjekt

2025 har vore eit år der det ikkje har blitt starta på nokon store tilretteleggingstiltak. Fokuset har vore vedlikehald av eksisterande bygg og installasjonar, samt ferdigstilling av gjenståande arbeid på prosjekt frå 2024.

Vi har også bistått Storfjordens venner med transport og arbeidskapasitet med nokre av deira restaureringsprosjekt i Storfjorden.

Marin Forsøpling

2025 har vore eit veldig bra år i kampen om marin forsøpling! Vi har gjennomført mykje rydding for egne midlar og vi har hatt mange oppdrag for Sunnmøre friluftsråd.

Oppdraga har i hovudsak gått ut på å hente inn søppel etter dugnadar samt deltaking og logistikk-oppgåver under dugnadar på krevjande plassar. I år har det vore meir ryddeoppdrag ytst i havet på lokasjonar det er vanskeleg og komme til på.

I tillegg til dette har Skjærgårdstjenesten fått nokre

midlar direkte med Miljødirektoratet, som er blitt nytta til rydding og innhenting av ein del større gjenstandar som båtar og forliste brygger, samt rydding av fuglefredningsområde. Vi har også hatt med grupper av frivillege som har sett av tid til å rydde.

Den største enkeltaksjonen vi har vore med på i 2025, var videreføring av rydding i Storfjorden og Grytafjorden. Dette gjekk over mange dagar, og gav godt resultat.

Vi har også brukt mykje tid saman med Sunnmøre friluftsråd til rydding av ytre kyst rundt Harøya.

Vi har også hatt nokre aksjonar med dykkerar frå forskjellige dykkarklubbar for rydding på havbotn.

Drift og vedlikehald

I driftsåret 2025 har vi halde friluftsområda vi driftar, stelte og representative. Vi har utført noko vedlikehald og forbetra tilkomst fleire stadar.

Det har i 2025 også vore noko hærverk som vi har reparert.



Aktivitetsdag med overnatting for elevar på vidaregående. Her har de også tatt i bruk robåter som ligg på Sunnmøre Museum.

Normale driftsoppgåver er også gjennomført, t.d:

- Tilsyn av moringer
- Utsett og opptak av badebøyer
- Tilsyn og vedlikehald av stupetårn
- Reparasjonar av landgangar og brygger
- Grillar har blitt bytta ut og bålplassar etablert
- Laga nokre vedstativ
- Klipping av gras i alle område
- Måling og beising
- Vask av toalett og halde det i orden

Aktivitetar i friområda

2025 var eit veldig bra år med tanke på bruk av friområda i vår region. Nydeleg sommar er naturleg nok noko av forklaringa.

Skjærgårdstjenesten bidreg med transport og logistikk til mange skular og foreiningar som arrangerer turar og overnatting på område vi har ansvar for.

Bildet på side 40 viser ein av desse turane der det er Spjelkavik vidaregåande som er på overnattingstur på Vikholmen. Då er også begge robåtane våre i bruk samtidig som vi fraktar utstyr med begge arbeidsbåtane våre.

Arbeidsbåt status og tilstand

Arbeidsbåtane «Rigmor» og «Sandtangen» har også i 2025 levert etter forventningane.

Nokre reparasjonar har det vore også dette året, men kanskje ikkje meir enn det vi kan forvente.

I mange år har det vore jobba med å skaffe Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal ein arbeidsbåt til, med større lasteevne og meir krankapasitet. 2025 vart året det det skulle ordne seg.

Ein av siste dagane av året, vart det inngått kontrakt på MS «Havørn».

Finansieringa av denne er eit spleiselag mellom partene i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

MS «Havørn» blir levert i Ålesund i slutten av februar (2026) og blir eit etterlengtet bidrag i kvardagen til Skjærgårdstjenesten.

Timeforbruk båtar

- Rigmor 340 timar
- Sandtangen 320 timar



MS «Havørn» blir levert i Ålesund i slutten av mars (2026) og blir eit etterlengta bidrag i kvardagen til Skjærgårdstjenesten.



Klar for frakting av material til Hellesylt.

Rydding av marin forsøpling

Tal for 2025:

- 1.343 friville ryddarar, ca 3.300 timar
- 31.198 kg rydda søppel
- ca 1.505 km rydda strandsone
- 75.260 km² rydda areal

Marin forsøpling ser tilbake på nok eit aktivt år med mange ryddetimar både med profesjonelle og frivillige ryddehender. Meir enn 50 frivillige grupper har vore i aksjon og motteke motivasjonsmidlar for arbeidet. Tradisjonen tru hjalp vi òg mange andre frivillige grupper med diverse oppgåver i samband med deira aksjonar. Saman med frivillig innsats og vår eiga rydding fekk vi over 31 tonn søppel fjerna frå strandsona på Sunnmøre og Vestnes.

Friluftsrådet er særskilt glad for at marin forsøpling også i 2025 hadde aktivitet i alle medlemskommunane. Graden av arbeid i kvar kommune vil variere

år for år. Til dømes blei det i 2025 gjort mykje arbeid nord i Ålesund kommune grunna Rydd i Tide gjennom Handelens Miljøfond. Lenger sør på Sunnmøre vart heile Hjørundfjorden rydda, den strekker seg over fleire kommunar, så geografisk har ein fått rydda breitt rundt på heile sunnmøre i 2025.

I februar var det vårstemning i ytre kyst på søre Sunnmøre. Dette benytta Sunnmøre Friluftsråd (SF) seg av og leigde då inn Fallgard kystrenovasjon til å rydde sammen med oss via båt i tre dagar. Vi var 12 personar som delte oss i to båtar og rydda Tjørnvågen med omkringliggande holmar, deriblant Stokksund-Blikkvågane dyrefredningsområde.

Til tross for krevjande terreng og bølgeskvup vart det 2 tonn mindre søppel som fuglar og dyr slepp å vasse i. Det er ei veldig god kjensle.

Frivillige strandryddarar

Sunnmøre Friluftsråd utlyste motivasjonsmidlar til lag, foreiningar og skular på forsommaren 2025.



Rydding saman med frivillige er heilt avgjerande for SF sin høge aktivitet, her med Fiksdal Friskule.



Sykkylven ungdomskule i aksjon gjennom prosjektet Ytre Storfjord. Foto Hedda Aure.



Etter to dagar med rydding saman med Fallgard kystrenovasjon ha vi fylt ein konteiner til randen i Tjørnvågen februar 2025.

Søknadsportalen blei stengt etter det kom inn nærare 100 søknadar, kor 50 ryddeaksjonar fekk innvilga stønad. Søknadene blei innvilga etter kommune, slik at midlane blei best mogleg fordelt over heile Sunnmøre. Av dei som ikkje fekk innvilga, var det fleire som gjennomførte rydding likevel. Dei fekk bistand frå SF gjennom til dømes innhenting av søppel dei hadde rydda. I tillegg har vi bistått andre ryddelag med utstyr, innhenting og renovasjon.

Fordeling av tal på aksjonar i kvar kommune speglar kor aktive frivillige er på å søke midlar til strandrydding. På SF sine nettsider kunne ein i 2025 søke om motivasjonsmidlar for rydding av marint søppel. Meir enn 50 lag og foreiningar fekk støtte til strandrydding frå SF finansiert av Miljødirektoratet, Handelens miljøfond og Hurtigruta-fondet. Søkarmengden var større enn det ein hadde midlar til å dele ut.

Tradisjonen tru rydda SF ein dag saman med Røde Kors og Ålesund Vaksenopplæring. SF besøkte fleire skular å rydda saman med dei. Blant dei Brattvåg ungdomskule, Fiksdal Friskule og Møre ungdomskule, samt Gjermundnes vgs.

I samband med at 2025 var friluftslivets år, arrangerte SF offentlege ryddeaksjonar.

Ein aksjon i Sula i samband med «tur med

mening»-dagen, og ein aksjon på Harøya i Ålesund kommune.

I utsette strøk og i utvalgte verneområde jobbar friluftsrådet sine profesjonelle ryddarar saman med Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

Finansiering

Friluftsrådet arbeider med ryddeprosjekt finansiert av Handelens Miljøfond og Miljødirektoratet, og nytt av året var Hurtigruta-fondet der ein fekk ei eingongstøtte på kr 116.000.

Den fleirårige støtta frå Miljødirektoratet gjer at SF kan planlegge to år i gongen på nokre aktivitetar. I 2025 var støtta frå Miljødirektoratet 1,3 millionar kroner. Prosjektet Rydd i Tide av Handelens miljøfond ga SF god aktivitet også i 2025 med 1,1 millionar til profesjonell rydding av kartfesta areal på nordre Sunnmøre. Begge prosjekta held fram i 2026.

Rydd Ytre Storfjord

Dette er eit prosjekt som er finansiert av Handelens Miljøfond. Hovudmålet er å rydde mest mogleg kystlinje i ytre Storfjord saman med skuleelvar, og i 2026 vert det opna for andre organisasjonar. Prosjektet går over to år, og hovudtyngda vil vere i 2026, då oppstart av prosjektet var i august 2025. Det var likevel



Frå ryddeaksjon i Tjørnvågen, februar 2025.

20 skuleklasser som var ute å rydda på hausten. Dei dekte over 7 km kystlinje og omtrent 2 tonn søppel. Hovudmengden rydding var i Sykkylven med ein formidabel innsats frå elevane på ungdomskuletrinna. Likeså området frå Apalset til Vegsundet på nordsida av fjorden. I 2026 skal resten av indre del ryddast samt utover mot havet så langt ein kjem.

Skjærgårdstjenesten

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er viktig samarbeidspart i arbeidet mot marin forsøpling. Båt og mannskap frå skjærgårdstjenesta er uvurderleg hjelp ved tilkomst til holmar og rydding langs bratt kyst. Vidare er slik hjelp naudsynt når marin forsøpling skal hente inn store depot eller tunge gjenstandar. Skjærgårdstjenesten gjer det mogleg for marin forsøpling å rydde på områder som elles ville vore utilgjengelege.



Randi Kjærstad Hagerup og Malin Therese Fiksdal på heimveg etter ein effektiv ryddedag med «Rigmor» og Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal.

Nettverk marin forsøpling

Nettverk marin forsøpling Møre og Romsdal (nettverket) er eit samarbeid mellom Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Runde miljøsenter og Sunnmøre friluftsråd. Hensikta med nettverket er å inspirere til og oppretthalde strandrydding blant både privatpersonar og bedrifter.

Året starta med vårsamling på Runde miljøsenter, som no må seiast å vere etablert som ein sterk og populær tradisjon. Årets program bestod av blant anna foredrag av journalisten og undervassfotografen Alexander Nordahl, forfattar og forskar Knut-Ivar Bjørlykhaug og filmskapar Asgeir Helgestad med filmen «Skal helse frå naturen». Vårryddedagen fall saman med vårsamlinga, og det blei rydda om lag 500 kilo på land, og om lag 470 kilo under vatn i Runde Hamn med kring 35 deltakarar.

Holmehoppinga vart i år lagt til Sandøy, som ligg akkurat på grensa mellom Sunnmøre og Romsdal. Der blei det gjennomført to ryddeaksjonar, hovudaksjonen på laurdag med 10 deltagare og 350 kilo og ein «mens vi ventar på ferga-aksjon» på søndag med to deltakarar og om lag 7 kilo rydda.

Nettverket var invitert til å markere verdens miljødag 5. juni på hovudbiblioteket i Ålesund. Der deltok vi med stand og utstilling saman med andre organisasjonar, NTNU, ordførar og skuleborn som hadde laga kunstferdige plastmonster.

Det har lenge vore eit mål for nettverket å markere seg meir blant næringslivsaktørar, og vi deltok derfor med (gratis) stand for fyrste gong på fiskerimessa «Bluefish» i Ålesund. Deltakinga var vellykka, då vi fekk markert oss for fleire interessentar i problematikken rundt marin forsøpling.

Rydd i Tide – Oppsummering 2025

Rydd i Tide er eit prosjekt som Sunnmøre Friluftsråd har hatt sidan oppstart nasjonalt i 2021, gjennom Handelens Miljøfond, der ein ryddar kartfesta områder profesjonelt. Det er ikkje eit prosjekt som er meint for frivillig innsats, men frivillege kan verte med nokre stader.

Hovudfokus er rydding av strandsona i ytre strøk, som til dels kan vere krevjande og ein treng difor kompetente ryddarar til oppgåva. I 2025 førstegangsrydda vi vestlege delar av Harøya, samt hadde vedlikehaldsrydding på sørsida av Fjørtofta og Gjørundmyrane på Vigra. I tillegg har vi førstegangsrydda i krevjande terreng på sørsida av Sulafjellet, frå Nøringset til Eltraneset. Det er særskild krevjande å rydde denne strekninga på grunn av ulendt topografi, langt å kome seg til ryddestad ytst og krevjande sjøtilhøve for båt. Det er ekstra kjekt å få bort søppel frå slike stadar då ein må legge inn ekstra innsats for å få jobben gjort.

Ytre kyst er generelt prega av eit enormt tilsig av søppel frå storhavet. Det er mykje søppel av all slags storleik og typer. I ytre kyst finn vi meir langtransportert søppel enn langs indre kyst. På mykje av det sjønære terrenget opplever vi at «ground is plastic». Kor enn vi går, knitrar det i plast under torva. Det betyr at ein kan gå over same strekka mange gonger, og likevel finne mykje nytt søppel. På Harøya ryddar ein mest landbasert med to til tre personar ute frå SF med bil. I november leide SF inn Fallgard kystrenovasjon for å få hjelp til å verte ferdig med ryddinga på Harøya. Det var fire effektive dagar med rydding av mange kilometer strandlinje.


På Fjørtofta har vi hatt vedlikehaldsrydding på ei strekke langs frå Oterlei til Fjørtoftneset. På Gjørundmyrane har SF leid inn Plastfritt hav til å vedlikehaldsrydde eit område der. Det er gleden å sjå at her var langt mindre søppel enn ved første rydding begge stader. Likevel ser vi at tilførselen av nytt avfall er veldig stor. På alle stadane vi ryddar, bortsett frå på Sula, er det frivillige som ryddar i tillegg elles gjennom året, så reell søppelmengde er mykje større enn det vi plukkar på våre aksjonar.

Med «Rigmor» på laget

Ein må sjølvstekt bruke båt for å få rydda holmane langs ytre kyst, og for å få henta ut depot av søppel og store gjenstandar. Her har Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal vore heilt avgjerande for arbeidet. Dagane ute med «Rigmor» er effektive. Vi får ofte dekt store område og tek med mykje søppel heim.

Skjærgårdstjenesten stiller med ekstra mannskap, slik at båt-dagane vert mest mogleg kostnadseffektive.

I 2025 hadde vi frå 2 til 10 personar i arbeid på det meste i prosjektet, vi rydda reint 41 km med kystlinje og henta ut 9.000 kg søppel.



Randi i aksjon i ei av mange kløfter på Sula.



Malin Therese og Randi, ytst på Eltrane, klargjer for helikopterløft av båtvrak og anna søppel.

Medieomtale


Også i 2025 har Sunnmøre friluftsråd fått god medie-dekning i arbeidet vårt - over heile Sunnmøre. Vi har månadleg sendt ut fleire pressemeldingar som har vore adressert til media over heile Sunnmøre og i Vestnes. Media har også kontakta oss ved ei rekke anledningar.

Utanom lokalavisene har vi også hatt fleire innslag i NRK Møre og Romsdal, både TV- og radiosendingar.

I pressemeldingane våre har vi lagt vekt på å gjere arbeidet vårt kjent. Likeins å få fram omfanget av det frivillege arbeidet, samt takksemd over økonomisk støtte frå viktige bidragsytarar som Sparebanken Møre, Handelens Miljøfond, Gjensidigestiftelsen og Sparebank1 SMN, i tillegg til kommunar, stat og fylke.

Arbeidsområda som har fått mest omtale i 2025 er som tidlegare år Stikk UT!, rydding av marin forsøpling og arrangement knytt til Friluftslivets år. Men også fritidstilbod og Naturmøteplassen har vore godt dekt.

Sunnmørsposten er det mediet som har hatt flest omtalar av oss.



Oversikta viser 422 (344 i 2024) omtalar i 56 unike media.

Sunnmørsposten	45
Vestlandsnytt.no	31
Møre	27
Øy-Blikk	26
Vikebladet Vestposten	25
Møre-Nytt	25
Bygdebladet.com	23
Synste Møre	23
Haramsnytt	21
Vestnesavisa	17
Nyss.no	16
Tidens Krav	13
Nrk	12
Romsdals Budstikke	10
Driva	7
Hareid kommune	7
Bypatrioten	7
Åndalsnes Avis	6
Sande kommune (Møre)	6
Tingvoll kommune	5
Volda kommune	5
Vestnes kommune	5
Sunddal kommune	4
Ørsta kommune	4
AESBy	4
Sulaposten	3
Midsundingen	3
Herøy kommune (Møre og Romsdal)	3
Ålesund kommune	3
Ksu	3
Nordmørsposten	2
Fjord.kommune.no	2
Høgskulen i Volda	2
Nærnett	2
Møre og Romsdal fylkeskommune	2
Aura Avis	2
Stranda kommune	2
Fjordingen	2
Trollheimsporten	1
Travel News	1
Maritimt Magasin	1
MyNewsdesk NO	1
Gjemnes kommune	1
Vanylven kommune	1
Smøla kommune	1
Budstikka	1
Oslofjordens Friluftsråd	1
Giske kommune	1
Aftenposten	1
Ulstein kommune	1
Fiskerilavisen Kyst og Fjord	1
Sula kommune	1
Lavangen kommune	1
Storfjordnytt	1
KSU 24/7	1
Daily Advent	1

– Det er myk i å møtast ut

Oppfordrar folk til å ta turen ut i 2025.

KNUT M. TJØRSTAD
knut.maria.moen@posteo.no

JAN ERIK FINSÆTHER
jan.rik.finsæther@posteo.no

I 2025 er det nok ein gong dukka for Friluftslivets år, ei markering som skjer kvart tiande år. Til dette har Sparebanken i SMN gitt ei pengegave på 350.000 kroner.

– Det er viktig for oss å bidra til betre folkehelse og fellesskap. Og så vil vi medverke til eit levande lokalsamfunn, slik at Sunnmøre blir ein enda betre plass å bu.

Dei seier Marita Løvik Stadsnes, regionbanksjef for privatmarknad i Sunnmøre og Fjordane. Dei er hovudsponsor for Friluftslivets år på Sunnmøre.

Les meir om Friluftslivets år: Dagens mottakarar, Anne Berit Støyva Emblem frå Sunnmøre friluftsråd og Linda Flern, dagleg leiar for DNT Sunnmøre, er takksame for gáva. Og allereie i8. januar brakar det heile laus.



Marita Løvik Stadsnes, regionbanksjef for privatmarknad i Sunnmøre og Fjordane.

Stor klatreglede blant

November 19, 2025 | Bendik Mork Folkestad @ Møre-Nytt

DNT Sunnmøre og Sunnmørsk Klatreklubb har brattkort.

Målet med kurset er å lære ungdom trygg sikring og klatring – ferdigheiter som kan brukast både i klatrehall og ute i naturen.

– Vi arrangerer dette for å gi ungdom eit godt fritidstilbod. Det er noko kjekt dei kan gjere etter skoletid, lære noko nytt og vere med på ulike aktivitetar. No tilbyr vi også brattkortkurs, slik at ungdom kan sikre seg sjølve i framtida, fortel arrangør Philip Wintermann.

Tre kveldar med intensiv opplæring

Inviterer til inspirasjonsforedrag om friluftsliv

DNT Sunnmøre og Sunnmøre friluftsråd ønsker at alle skal bli inspirert til å finne si friluftsglede i friluftslivets år 2025.

Dei to organisasjonane har slått seg saman med Sparebank1 SMN for å vidareføre samarbeidet, og over heile Sunnmøre vil det vere eit breitt spekter av friluftstema og ulike foredrag ein kan få med seg. I løpet av mars og april



Lasse Hoel i DNT Sunnmøre friluftsråd legg opp til ei rekkje inspirasjon til meir friluftsliv. Foto: DNT Sunnmøre / Sunnmøre friluftsråd

STRANDRYDDEV blei kickstarta på Giskesanden



je god folkehelse



banksjef Sparebank 1 SMN, Linda Flem, dagleg leiar DNT Sunnmøre og Arne Berit Støva Emblem, bilid. FOTO: JAN ERIK FINSÆTH

ungdom

ar i desse dagar arrangert gratis klatrekurs for ungdom som ønskjer



sjons- sliv



og Hilde Ellingsæter i Sunnmøre. Målet er å etablere et foredrag på Sunnmøre. Målet er å etablere et foredrag på Sunnmøre. Målet er å etablere et foredrag på Sunnmøre.



RIIT

Ønsker å sette opp toalett i Leirvågen

Friluftsrådet har søkt Vestnes kommune om å få sette opp eit toalett i friluftsområdet i Leirvågen. Planen er å sette opp toalettet i løpet av sommaren.

Toalettbygget vert om lag 3,5 meter langt og 2,5 meter breitt. Toalettet vert universelt utforma med ei totalhøgde på 1,5 meter.



byggdebladet

NR. 49, Tirsdag 16. september 2025

21

- Utemat handlar ikkje berre om pølser

- Å møtast ute i naturen over mat er nesten den beste oppskrifta som finst, seier Inger Bakke frå Sunnmøre Friluftsråd.

BB - EDMUND MELKILD

I samband med friluftslivets år og den pågåande friluftslivets veka har Sunnmøre Friluftsråd invitert vaksenopplæringsne i kommunane til eit annleis og smakfullt friluftslivstiltak. Torsdag ettermiddag var friluftsrådet og vaksenopplæringsne i Vestnes samla ved gapahuken i Krikkvika til matlagning



Ingen ting er som å møtast ute over matlagning, seier Inger Bakke i Sunnmøre friluftsråd. Fotos: Edmund Melkild.

bruke sin eigen mat og mattradisjonar. Vi vil vise at det ikkje er berre pølser det handlar om.

Moro - og viktig

- Kven er det som ikkje har fått dessert, ropar Inger og byr fram ei skål med steikte eplebatar og anna godt. Ivrige og entusiastiske elevane ved vaksenopplæringsne ryttar i gryter, legg mat på tallerkenar og spanderer villig til dei mange framme. Dette er både viktig og moro, og veldig kjekt at så mange har møtt fram. Dei som ikkje er norske, treng å møte nordmenn. Og vi nordmenn treng å

4 Vestnesvika

NYHEITER

ONDAG 30. APRIL 2025

Ny plan på veg: – Viktige medspillere i arbeidet

November 25, 2025 | Odd-Solve L. Grannes © Sunnmørsposten

Ålesund kommune, Ålesund idrettsråd og Sunnmøre friluftsråd inviterer til medvirkningskveld angående temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Den neste tida skal det utarbeidast ein ny plan for desse områdene som skal gjelde frå 2026 til 2038.

- Det er ein kommunal plan som blir vedtatt av kommunestyret. På den ene siden er det ein status av anlegg og aktivitetar på heile febet. Samtidig har vi etter sammenslåinga med Sandøy, Skodje og Ørskog ikkje lagd ein samlet plan. Nå blir det ein samlet plan, og det er noe av hensikten, sier Gro Dalsen, konstituert kultursjef i Ålesund kommune.



10 tonn søppel fjerna frå Grytafjorden

«Rydd Grytafjorden» var eit av dei største prosjekta for marint rydding i 2024. Sunnmøre friluftsråd har saman med frivillige rydda 10 tonn marint søppel frå strandsone i fjorden.

På forsommeren 2024 fekk Sunnmøre friluftsråd innvilga ein million frå Hordalens miljøfond for å rydde Grytafjorden, den fem mil lange fjorden mellom Haram og Ålesund. Planlegginga starta i august, og i løpet av nokre hektiske haustmånadar vart det lagt ned 4300 arbeidstimar for å rydde fjorden. Arbeidet resulterte i fire konteinrar med til saman 10 tonn søppel. - 33 frivillige lag og foreningar har stått på for å hjelpe oss med jobben, fortel Malin The-

til lokalt barne- og ungdomsarbeid, samstundes som strandlinja vart rydda. Nokre grupper organiserte sjølv rydding på tildelte områder. Andre grupper deltok på offentlege aksjonar. Totalt vart det arrangert fem offentlege aksjonar, tre i Haram og to i Ålesund. - På Barnas Ryddeaksjon i Tennfjorden deltok barn og vaksne frå dei lokale barnehagane, og også spreke besteforeldre frå Besteforeldrenes klimaksjon. Sjøhesten Hippo og vennane hans serverte grønne fiskebegerar. Det vart ein stor suksess for både barn og vaksne, fortel Fiksdal.

Til lands og til vanns

Deler av strandsone i Grytafjorden er vanskeleg tilgjengeleg. Sju fulle arbeidsdagar har derfor vore rydding med landstigingar frå båt. Skjærgårdstjenesten i



Sunnmøre friluftsråd har sidan hausten 2024 rydda strandlinja langs heile fjorden og fjerna 10 tonn søppel. 33 lag og foreningar har vore med på prosjektet, som no er inne i aller siste ryddeveke. Foto: Sunnmøre friluftsråd

Ein halv million til fyrstehjelp

May 25, 2025 | Rune Sæbønes © Møre-Nytt

No kan folk søkje støtte til å fikse turstiane.

Dei to friluftsråda i Møre og Rom, skal, Sunnmøre Friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal har saman med Sparebank Møre etablert Stikk ut-fondet.



Eventyrleg start for Naturmøteplassen

August 22, 2025 | Melissa Nerland Paulsen @ Vestlandnytt.no

Naturmøteplassen i Herøy har raskt blitt eit populært tilbod. Onsdag starta dei hausten med utekurs for 150 eventyrar, forfattar og influensar John Hobberstad (Eventyrgutten).

Naturmøteplassen er eit lagerskoletilbod for alle som har høve og lyst til å gå tur og møte andre. Tilbodet starta opp i mars i år, og det er Sunnmøre friluftsråd i samarbeid med Herøy frivilligsentral som står bak Naturmøteplassen.

Startar Naturmøteplass i Fosnavåg

Samlingsstaden for tilbodet er parken i Fosnavåg sentrum. Kvar onsdag står det frivillige ventar og tek i mot folk med varm drikke, kake, vaflar eller sveler og ikkje minst – ein god prat.

Og tilbodet har raskt vorte populært. Kvar gong er det



Ståande applaus då friluftsråda fekk miljøpris

Til ståande applaus frå fylkestinget fekk friluftsråda i Møre og Romsdal overrekket det synlege beviset på at dei er tildelt Miljøprisen 2024.

GEIR EGIL EKSUND
geir.egil@vestlandnytt.no

Leiar i kompetanse- og ringsutvalet, Geir Asle seth, og fylkesordførar A Risse delte ut prisen i fylle get måndag. Utvalsleiar seth rosa skjenkardteses bidrag med rydding av n forsoeppling. Og han røp råda kvar for seg var nòm til prisen, men eit einsten

valde å gå årets miljøpris til begge friluftsråda:

– Kompetanse- og næringsutvalet meiner engasjementet til friluftsråda med rydding av marint avfall er av stor betydning for regionen og dei

marin forsoeppling, takka på vegner av Sunnmøre Friluftsråd. Ho sa prisen kom uventa på dei.

– Det var veldig kjekt, og det er ei stor ære for oss. Vi gjer prisen nær av med mrom



Skal kartlegge Sunnmøres gapahuker

27 september er gapahukens dag – Du vopner vilje utviten, samtidig som du får den beste opplevelsen av å gå til en gapahuk



Fagleiar marin forsoeppling Malin Therese Fiksdal i Sunnmøre Friluftsråd takka for prisen. FOTO: PER-KRISTIAN BRATTENG

STIKK UT! SPREER SE

Sommeren 2025 har vært en stor suksess, hvor 44.000 deltagere har registrert hele 930.000 turer i Møre og Romsdal og Heim kommune i Trøndelag.



– Resultatet etter sesongen og direkte tilbakemeldinger viser at Stikk UT! betyr mye for

vi som friluftsliv. Daglig leder i Sunnmøre Friluftsråd,

har jobbet bevisst med å etablere flere lett tilgjengelige startpunkter for friluftsliv, sier Ellingsen.

Friluftslivets år 2025 blir markert med friluftslivsdag på dei vidaregåande skolane

For å markere Friluftslivets år 2025 har friluftslivsorganisasjonane i Møre og Romsdal invitert vidaregåande skolar til å arrangere ein friluftslivsdag. På timeplanen denne dagen står friluftsliv, fellesskap og livsmeistring.

Dagen blir fylt med foredrag, aktivitetar og møte med lokale friluftslivsorganisasjonar – der elevane får oppleve kor enkelt og meningsfullt friluftsliv kan vere.

Organisasjonane stiller med både fagfolk og aktivitetar, men innhaldet blir til i samarbeid med kvar enkelt skole. Til nå er det



150 elever ved Speleikavik vgs deltok på ulike aktivitetar. Sunnmøre friluftsråd

Ryddepengar til skuleklassar som vil redde fjorden



Malin Therese Fiksdal er fagleiar marin forsoeppling for Sunnmøre friluftsråd. Foto: Privat

– Dette er eit supert tilbod for dei som vil gjere ein innsats for naturen og samtidig tene ein liten slant til klassekassa, seier Malin Therese Fiksdal i Sunnmøre

- Eit nytt spennande ungdomstilbod frå Sunnmøre friluftsråd.

Publisert: 04.10.2025 kl 09:55



«Coasteering er en aktivitetsform som innebærer svømming, klatring og hopping i fjæren. Aktiviteten gjennomføres normalt i ledet våtdrakt, flytevest og hjelm. Coasteering opstod i Wales i 1980-årene og har siden spredd seg til andre land.» Kilde: Wikipedia



Dette er turfolket sine favorittar

Både Herøy og Ustein var det to turmål som delte førsteplassen

NOVA RØYSE MÅSTED
novaroyse@stikkut.no

Friluftsråda i fylket har invitert turfolk i Møre og Romsdal og Heim kommune i Trøndelag til å kåre ein Stikk UT! favorittar i eigen kommune.

Friluftsråda presenterer at dei ikkje er den fineste turmålet i fylket, men Stikk UT!-favortane er ein favorittar. – Å kåre den fineste til var skilling fordi det er individuelt kva ein likar best med ein tur. Noe likar det opneare bein, andre likar seg i skogen og andre likar seg i ope landskap eller i fjella. Sånn heter også mykje for kva dei opplever å gå. Sånn kva opplever dei ein får undervegs og ved

turmålet, seier Liv Synnøve Bredt i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Vilje Ellingsen i Sunnmøre Friluftsråd. I Ustein-kommunen fekk Oslevget og Bredtveit like mange stemmer. Og i Herøy-kommunen fekk Herøyviken og Hållandskysten like mange. Bredtveit i Herøy-kommunen greidda dei å kåre ein favoritt, der var det Herøyviken og Herøyviken. I Herøy-kommunen er Herøyviken favoritten.

Populariseringsdagane Stikk UT! har 420 turar i ulike vandringsruter å velje mellom i regionen vår denne sesongen. Kåringa viser at det ofte er naturen som er største motiv for å gå på tur.

– Her er vi at det er mange av dei midle og fine vandringsrutane i vår nærmiljø som er favorittar. Desse turane er også blant dei mest benytte Stikk UT!-rutane i vår kommune.

Det fortel oss at dette er viktige turmål som folk er glade i å bruke, seier Herøyviken. Men det er også mange turar på fote. Turplanane har også litt endre inn forslag til nye turmål. Desse turane blir formlid vidare til kommunane slant at dei kan vurdere om dei skal ta dei med i sesongen eller neste år seig.

Han er ny dagleg leiar

Sunnmøre friluftsråd, der Giske kommune er ein av medlemskommunane, har tilsatt Hans Edvard Pilskog som ny dagleg leiar.

ANDREAS HESSELBERG
andreas@stikkut.no

58-åringen har lang erfaring som skuleleiar og leiar i offentlig sektor og i frivillige prosjekt, kjem det fram av ei pressemelding frå Friluftsrådet.

I dag er Pilskog leiar for ungdomsavdelinga i NAV Ålesund. Tidlegare har han jobba som pedagogisk rettleiar i Giske og mange år som leiar for Stafsethneiet Alternative Skule i

Ålesund. Av utdanning er han adjunkt med spesialpedagogikk og har etterutdanning i prosjektleding og master i Public Administration frå CBS/NTNU. – Det er ein klar samanheng mellom mangfaldig natur, folkehelse og friluftsliv. For meg er arbeidet i Sunnmøre friluftsråd noko av det mest meningsfulle ein kan gjere, uttaler Hans Edvard Pilskog som brenn for å legge til rette for tilgjengelegheit, røre, naturopplevingar og fellesskap. Pilskog startar i stillinga 1. september.

– Den nye daglege leiaren brenn for alt som styrkar folkehelse, gir auka meistring og skapar livslyst. [Foto: Privat]




Introduserer innvandrarrar for norsk natur

Gjennom prosjektet elevene vert sendt på ulike innvandringsdagane, både



Ryddet 106 kilo søppel

I forbindelse med strandryddeveken 2025 var Fiksdal friluftslivs ut i aksjon og samlet inn heile 106 kilo søppel på bare et par timer.



Piñata-knusing, båltenning og flott natur

Laurdag formiddag markerte Sannmøre friluftslivs ut i aksjon og samlet inn heile 106 kilo søppel på bare et par timer. Under ryddeveken fikk elevene også lære om hvor søppel kommer fra og hvilken innvirkning det har på naturen.



John er 90 år - og toppar "Stikk ut-lista"

- Eg går stort sett same runden kvar dag. Berre i skikkelig grisevær held meg inne, seier Jon Haraldsvik som toppar Stikk ut-lista.



lov å køyre bil lenger har det blitt mest i Stordal, fortalte Jon. Lett på foten Sonen Atle fortel at dei tek postar når dei er t.d. i Liahøgda eller Valldal. Far er ganske stødig på beina. Då han var rundt 80 år var vi på tur saman til Sandfjellet i Stordal. Opp gjekk greit, men nedatt hadde eg problem med å halde føje.

Det noko spesielle er at Jon fylte 90 år i september. Dette ville Friluftsrådet markere med ei gåve.

Tre postar Jon fortel at han går same runden stort sett kvar dag. - Eg går Grigås-risa, fram til Øvrebusk, langs elvafot, fortel han.

Jon Haraldsvik (90) er Stordal sin ivrigaste Stikk ut-deltakarar med over 320 poeng. Hilde Ellingsøster overrekte ei gåve til Jon Haraldsvik frå friluftsrådet.



Ny friluftsoppleving frå Sjøholt til Ona

- Vi er stolte av å inngå samarbeidet for å etablere Padleled Ålesund. Ei fantastisk moglegheit for naturopplevingar til både lokale og besøkjande, seier Oskar Skulstad, kulturelsjef i Ålesund kommune.



gradene for ulike ferdigheter. Ein utval knutepunkt vil bli universelt utforma, stik at alle, uavhengig av funksjonsevne, kan nyte dei fantastiske naturopplevingane langs kysten.

Oskar Skulstad opplyser at leia vil gi fleire fordelar enn berre auke fysisk aktivitet. - Padleled Ålesund vil ikkje berre fremje fysisk aktivitet

Fire samarbeidspartnarar har undertegna avtale om Padleled Ålesund. Fr Anne Berit Støva Emblem (Sannmøre friluftslivs ut), Tom Anker Skrede (Destinasjon Ålesund og Sannmøre), Linda Flem (DNV) og

Tidsskriftet I 2025 vil partnarane arbeide med å skaffe midlar til prosjektet, med mål om å ansette ein prosjektleiar i perioden 2026-2028. Dette samarbeidet mellom offentlege aktørar, frivillige organisasjonar og næringslivet sikrar ei brei støtte for å få prosjektet til å lukkast.

Vinterferieleir for heile Sannmøre



* Bålkas vinterferien 2024. (Foto: Christer Lundberg Nes, Sannmøre friluftslivs ut)

Frå tysdag til laurdag i vinterferien inviterer Sannmøre friluftslivs ut gratis leir på Fjellsætra for ungdom 13-15 år.

suksessen i fjor. - Leiren er gratis for ungdommane, og gjennom tipsmedlar klarar friluftsrådet å tilby gratis overnatting, mat og aktivitetar. Vi ønsker å



Bålkaffi og ein god prat

- Her er plass til fleire, seier Harald og Svein, og byr på nytrekt kokekaffi.



Naturmøteplassen er eit opplegg i regi av Sannmøre Friluftslivs ut, og i Skodje samlast ein gjeng kvar torsdag ved Gomeråa. - I dag er det seks som har vore innom, så her er god plass til fleire, seier Harald Skodje. Han fortel at dei er òtne som deler på å vere vertar, to om gongen. - Då fyrer vi opp bålpaarna og koker kaffi. Ein kan få kakao, solbærtoddy eller te. Og gjerne noko å bite i. Enkelte av vertane

Alltid kjekt med bål, kaffi og ein god prat. På naturmøteplassen i Skodje er f.v. Mary Odgård, Åse Wingaard, Maria Tennøy og Kristian Rosvoll. Bak står Harald Skodje og Svein Odgård. Foto: Ruth Janne Vinje.

Dette kan dei freiste med denne sesongen

Friluftsliv i Sannmøre og i fjor. I 2025 vil partnarane arbeide med å skaffe midlar til prosjektet, med mål om å ansette ein prosjektleiar i perioden 2026-2028. Dette samarbeidet mellom offentlege aktørar, frivillige organisasjonar og næringslivet sikrar ei brei støtte for å få prosjektet til å lukkast.

Økonomi, rekneskap og beretning

Årsoppgjeret har ein omsetnad i 2025 på 19,34 mill. kr. (2024: 17,68 mill. kr. 2023: 18,15 mill. 2022: 15,7 mill. 2021: 13,9 mill.).

Samla driftsutgifter i 2025 er på 18,89 mill. kr. (2024: 17,17 mill. kr, 2023: 18,1 mill. kr, 2022: 14,7 mill. kr, 2021: 14,8 mill.)

Årsresultatet i 2025 er på 0,59 mill kr. (2024: 0,67 mill. kr, 2023: 0,14 mill., 2022: 1,1 mill., 2021: - 0,8 mill.)

Kontingent frå kommunane i 2025 på 3,45 mill. kr. (2024: 3,27 mill. kr, 2023: 3,2 mill., 2022: 3,1 mill. 2021: 2,9 mill.) og utgjør framleis om lag 18 prosent av inntektene. Øvrige inntekter er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Friluftsrådenes Landsforbund (FL), Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Sparebanken Møre, Gjensidige-stiftelsen, og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergardstenesta som fekk tilskot, men


også aktivitetsprosjektet «Slå på ringen», «StikkUT!» og andre aktivitetstiltak og tilretteleggingstiltak fekk støtte. T.o. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett.

Lønnsutgiftene er største utgiftsposten. I 2025 er samla lønsutgifter på om lag 9,5 mill kr. (2024: 8,7 mill. kr, 2023: 8,4 mill., 2022: 7,4 mill., 2021: 7,1 mill.) Dette er 0,8 mill. høgare enn i 2024, ei auke på 9,2 %.

Varekostnader er 3,6 mill. kr i 2025 (2024: 3,3 mill. kr, 2023: 4,1 mill., 2022: 2,8 mill., 2021: 3,2 mill.). Dette er ein auke på 0,3 mill. frå året før.

Andre driftskostnader er 5,8 mill. kr i 2025. (2024: 5,1 mill. kr, 2023: 5,1 mill., 2022: 4,2 mill, 2021: 4,1 mill.).


Med friluftslivets år 2025 hadde Sunnmøre friluftsråd auka aktivitet og omsetning. Friluftslivets år hadde mange markeringar og særskilt mykje aktivitet, spesielt knytt til frivilligheita. Auka aktivitet er dekt inn av auka eksterne bidrag.



Figur 1: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2025.

Av all kontingent innbetalt av kommunane i 2025, skaffa friluftsrådet 82 prosent inntekter frå andre kjelder.

Vi rettar ei stor takk til deltakarkommunane, Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond og Rydd



Figur 2: Fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2024.

Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Friluftsrådenes landsforbund (FL), Sparebanken Møre og alle lokale sponsorar til Stikk UT! som har finansiert arbeidet til friluftsrådet i 2025!

REKNESKAP INNTEKTSFORDELING

Inntekter	2025	2024	2023
Medlemskontingent kommunane	3 448 254	3 265 519	3 191 212
Friluftsrådernes Landsforbund adm.tilskot	691 000	765 000	698 600
M&R fylkeskommune adm.tilskot	376 000 *	269 000	269 000
M&R fylkeskommune tilskot anlegg	1 187 000	950 500	
Friluftsrådernes Landsforbund tilskot anlegg/tilrettelegging	-	100 000	
M&R fylkeskommune tilskot friluftslivsaktivitetar	368 000	570 000	636 750
Friluftsrådernes Landsforbund tilskot friluftslivsaktivitetar	2 756 510	1 498 750	1 290 000
Gjensidigestiftelsen tilskot Slå på Ringen/friluftskule	-	600 000	600 000
Sparebanken Møre tilskot Slå på ringen	-	-	600 000
Røde Kors MR tilskot Slå på ringen	-	-	250 000
Lions Club Ålesund tilskot Slå på ringen	-	-	50 000
Miljødir. investeringstilskot arbeidsbåt skjergardstenesta	237 000	237 000	237 000
Miljødirektoratet driftstilskot skjergardstenesta	1 650 000	1 525 000	1 450 000
M&R fylkeskommune driftstilskot skjergardstenesta	825 000	766 830	729 330
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal driftstilskot skjergardstenesta	50 000	250 000	200 000
Sunnmøre friluftsråd driftstilskot skjergardstenesta	770 000	650 000	600 000
Andre tilskot skjergardstenesta	355 000	330 000	340 000
Tilskot innvilga, ikkje utbetalt/andre tilskot		859 000	35 000
Handelens Miljøfond tilskot frivilleg rydding	750 000	1 331 050	476 000
Miljødirektoratet tilskot marin forsøpling	1 701 813	1 400 000	1 900 000
Handelens Miljøfond Rydd Norge – Rydd ytre kyst	2 532 189	1 642 325	3 380 739
Salsinntekter, refusjonar etc marin forsøpling	1 398 548		
Salsinntekter nettbutikk, bedriftspakkar Stikk UT! etc.	638 848	595 351	1 014 346
Gevinst ved sal driftsmidlar			156 383
Leigeinntekter	71 621	66 600	50 000
Andre driftsinntekter	9 694	8 140	105
Sum inntekter	19 340 478	17 680 065	18 154 465

* via Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

REKNESKAP KOSTNADSFORDELING

Utgifter	2024	2023
Lønn	9 456 994	8 722 622
Varekostnader	3 613 064	3 330 485
Avskrivingar	0	369 100
Andre driftskostnader	5 823 381	5 111 972
Sum utgifter	18 893 440	17 165 079
Sum driftsresultat	447 037	514 987
Finanspostar	2024	2023
Annen renteinntekt	150 371	162 285
Annen rentekostnad	1 115	2 820
Annen finanskostnad	0	1 504
Resultat finansposter	150 088	110 689
Ordinært resultat inkl. finanspostar	597 126	672 948

REKNESKAP I SAMSVAR MED KOMMUNALE PRINSIPP

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT	Budsjettavvik 2025	Regnskap 2025	Budsjett 2025	Regnskap 2024
Driftsinntekter				
6 Overføringer og tilskudd fra andre	-1 361 233	17 321 767	18 683 000	15 367 649
8 Salgs- og leieinntekter	435 711	2 018 711	1 583 000	2 312 416
9 Sum driftsinntekter	-925 522	19 340 478	20 266 000	17 680 065
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	-148 303	7 401 697	7 550 000	6 840 219
11 Sosiale utgifter	207 797	2 055 297	1 847 500	1 882 403
12 Kjøp av varer og tjenester	-907 854	8 322 146	9 230 000	7 008 756
13 Overføringer og tilskudd til andre	134 300	1 114 300	980 000	1 433 700
14 Avskrivninger	0	380 400	380 400	373 800
15 Sum driftsutgifter	-714 060	19 273 840	19 987 900	17 538 878
16 Brutto driftsresultat	-211 462	66 638	278 100	141 187
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	-48 797	151 203	200 000	162 285
20 Renteutgifter	1 115	-1 115	-	-4 324
21 Avdrag på lån		-		-
22 Netto finansutgifter	-49 912	150 088	200 000	157 961
23 Motpost avskrivninger	0	380 400	380 400	373 800
24 Netto driftsresultat	-261 372	597 126	858 500	672 948
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0	15 000	15 000	112 896
26 Avsetninger til bundne driftsfond		-		-
27 Bruk av bundne driftsfond		-		-
28 Avsetninger til disposisjonsfond	-261 374	582 126	843 500	560 052
29 Bruk av disposisjonsfond		-		-
30 Dekning av tidligere års merforbruk		-		-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-261 374	597 126	858 500	672 948
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		-	-	-

Frå 2024 vart rekneskapsføringa for kommunale oppgåvefelleskap omleagt etter kommunale prinsipp, jfr økonomiforskrifta for kommunar, kapittel 8. Representantskapet godkjenner rekneskapet i eiga sak.

Revisorselskap 2025 er Møre og Romsdal Revisjon SA.

Rekneskapsfører er Økonomiservice AS, Ørskog.

ÅRSBERETNING I SAMSVAR MED KOMMUNELOVA § 14-7

a. Forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretar den økonomiske handlevnen over tid.

Alle politiske signal og kunnskap om innbyggjarane sin helsetilstand (psykisk og fysisk) tilseier eit stort behov for vidare satsing på friluftsliv for å møte folkehelseutfordringane og folk sine ønske om aktivitet og friluftsliv i regionen. Forsking viser at friluftsliv er den aktiviteten som flest innbyggjarar driv med og potensielt for auka satsing og helsegevinst er størst. SF opplever at dei tiltaka som kommunane har «bestilt» gjennom samarbeidsavtalen er svært relevante og i tråd med Storting og kommunane sine tydelege ambisjonar. SF opplever at den auka satsinga er støtta av statlege og kommunale aktørar samt støtte frå stiftingar og bankar i regionen.

SF søker med sine mange prosjekt, og Stikk UT! spesielt, å søke økonomisk og driftsmessig samarbeid for vere meir robust og redusere økonomisk risiko.

Friluftsrådet opplever eit godt samarbeid med Friluftsrådenes landsforbund, samarbeidskommunane, Møre og Romsdal fylkeskommune, Handelens Miljøfond, Sparebanken Møre, Ørskog Sparebank, Møre og Romsdal FNF (Forum for natur og friluftsliv), samt frivillege, lag og organisasjonar og grunneigarar i heile regionen.

b. Vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene.

SF har i 2024 eit positivt driftsresultat. Vesentlege avvik i rekneskapet mot budsjett kjem fram av tabellen side 54. Det viktigaste budsjettavviket er mindre overføringar og tilskot enn budsjettet. Årsaka er at budsjettet vart sett før alle søknadar var handsama. Vi fekk heller ikkje tilslag på alle søknadane. Avviket er derfor på - 2,7 millionar kroner. Driftsutgiftene er tilpassa inntektene og følgeleg redusert med om lag det same.

c. Virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne.

SF har treårig handlingsplan og eittårig arbeidsplan (vedteke av representantskapet) og jobbar etter denne måloppnåinga. Vi rapporterer fortløpande til eige styre, Møre og Romsdal fylkeskommune, FL (Friluftsrådenes Landsforbund), Handelens Miljøfond samt til eksterne oppdragsgivarar og støttespelarar. Samtlege rapporteringar dannar grunnlag for komande søknadar. Årsmeldinga er bygd opp etter same kapitelinndeling som handlingsplanen.

d. Tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard.

Høg etisk standard i kommunal verksemd legg grunnlaget for tillit frå innbyggjarane og eit godt omdømme. SF er medlem av Samfunnsbedriftene følgjer KS sine reglement og prinsipp. Dette inngår mellom anna i alle interne og eksterne arbeidsavtalar. Bærekraftsmåla ligg til grunn for handlingsplanen.

e. Den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling.

Det er per 1.1.2024 kjønnslikestilling mellom faste tilsette, derav 4 menn og 6 kvinner i SF. I samarbeidsavtalen er det vedtektsfesta at det samla sett skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn i styret. I 2024 er det 8 kvinner og 9 menn i styret.

f. Hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings og diskrimineringsloven § 26.

SF jobbar for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Det blir lagt vekt på open dialog mellom leiar og tilsette, og mellom tilsette, m.a. gjennom medarbeidar- og personalsamtalar samt fellesmøter. Med p.t. 10 tilsette meiner vi å ha god oversikt over status og at denne ikkje tilseier behov for tiltak. SF har tillitsvalt som samarbeider om lønn og tiltak på arbeidsplassen. Tilsette er også representert i styret.

Vedlegg til årsmeldinga

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

Dei fleste medlemskommunane til friluftsrådet har eitt eller fleire statleg sikra friluftsområde, og nye kjem til etter kvart som kommunane får kunnskap om denne ordninga. Friluftsrådet har fullt driftsansvar for ni av

dei, og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre. Søknader om midlar til nye tilretteleggingstiltak i sikra friluftsområda blir sendt kvart år i samråd med kommunane.

Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat vegbom	Regulert	1 Toalett, tilkomstveg,
Sula	Langevågs-holmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 3 brygger, kai, bål-plassar, toalett. Gapahuk.
	Brendholmen				P-plass, toalett
	Eikrem	6,1	Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg, toalett
Vestnes	Vassetvatnet				Reiskapshus m/toalett
	Bolvika		Kommunen	Statleg sikra	
	Kråkvika	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bålplassar,
Haram	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	Bade/fiskemolo, 2 vegbommar tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	Parkeringsplass, veg, bade-/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bålplasser, grindbygg. Slåttemark.
Ålesund (Skodje)	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg/sti, 2 p-plasser. Gjestebrygge. Muldo.
	Brauta				Servicebygg med toalett
	Håhjem	80	Kommunen – regulert	Komm.eigedom	Tursti , P-plass, vegbom, gapahuk, bålplass
Ålesund (Ørskog)	Skråvika og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, badstu, vegbom, badestrand, stupebrett, info.skilt
Ålesund (Ellingsøyfjord og Borgundfjord)	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	3 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger,
	Vikholmen	90	Kommunen	Komm. sikra	grillplasser, kystleihytte, trapper, slåttemark.
	Hundsvær	80	Kommunen	Komm. sikra	Kai, turstiar, toalett, gjestebrygge, skogrydding.
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	Slåttemark, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bålplass, sandstrand, tuslesti mm.
	Prinsen (Gåseid)		Kommunen	Statleg sikra	Under arbeid
Fjord (Stordal)	Øyna	49,5	Kommunen	Statleg sikra	2 bruer, 2 toalett Slåttemark
Stranda	Helsemvika		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg bålplass
SUM		1423,5 da			

Oversikt eigedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Gjenstandar	Kommune	Lokalisert
Gjestebygger og kaier	Sula	Storholmen 2 stk Brennholmen 1 stk Dampskipskaia 1 stk	Toalett/reiskapsbu	Ålesund	Mauren Svinøya
	Ålesund	Skodje 1 stk Svinøya 2 stk Hundsvær 1 stk Vikholmen 1 stk Stafsethneset 1 stk Gurinesbukta 1 stk		Vestnes	Kråkvika
Bruer	Fjord	Store Ådalselva Elvabytet Øyna	Gapahuk/grindbygg	Ålesund	Stafsethneset Gurinesbukta Lervågen
	Ålesund	Fosslibrua (Måslia) Postvegen over Tverrelva Mevatnet		Sula	Håhjem Storholmen (ny 2024) Vassetvatnet
	Vestnes	Kråkvika 3, Leirvågen 1		Vestnes Stranda	Kråkvika Helsemrika
Toalett	Giske	Blimsanden	Bålplass	Vestnes	Kråkvika 1 stk
	Sula	Eikrem Storholmen Vassetvatnet Overøye 2		Ålesund	Stafsethneset Svinøya Vikholmen
	Fjord Haram	Norrdalsstranda Gurinesbukta Gjersetvatnet		Sula	Storholmen
	Ålesund	Murvika Håhjem 2 stk. Svinøya Vikholmen Parrvika Tueneset Lillevatnet Sandingane Stafsethneset 2 stk. Voldsdalsberga Skråvika Brauta Vaksvikfjellet Hundsvær (ny 2024)	Informasjons-tavler	Sula	Eltrane Sandvika Kjerringnesvatnet Godøya (3stk) Stafsethneset Osberget Skråvika
				Ulstein Giske Ålesund	
			Bade-/fiskebrygge	Vestnes	Kråkvika
				Ålesund	Gurinesbukta
			Skjellsand påført badestrand	Sykkylven	Haugneset Bolvika
				Ålesund	Stafsethneset
			Andre eigedelar: Handreiskap og verktøy, Beitepussar og slåmaskinar, Tilhengarar og båthengar, to arbeidsbåtar m/motor, Leasing tre arbeidsbilar, eig ein arbeidsbil. Diverse aktivitetsutstyr, utstyrsbase med kajakkar og kajakkhengarar, lavvoar, truger, hengekøyer, bålpanner m.m. To færingar: Linge og Leia Diverse kontor- og pc-utstyr		

Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd kommunalt oppgåvefelleskap

Deltakarkommunane har i 2020 vedteke å organisere Sunnmøre friluftsråd som Kommunalt Oppgåvefelleskap (KO) etter kapittel 19 i KommuneLova. Deltakarkommunane har i 2020 vidare vedteke denne samarbeidsavtala. Deler av teksten i samarbeidsavtala er oppdatert av representantskapet i 2021.

§ 1 – NAMN PÅ OPPGÅVEFELLESKAPET

Namnet på oppgåvefelleskapet er Sunnmøre friluftsråd, kommunalt oppgåvefelleskap, som kan forkortast til Sunnmøre friluftsråd (KO), i det følgjande kalla «friluftsrådet».

§ 2 - DELTAKARKOMMUNAR

Friluftsrådet består av kommunane Giske, Fjord, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørsta, Vanylven og Ålesund. Nye deltakarkommunar skal godkjennast av representantskapsmøtet.

§ 3 - FORMÅL

Folkehelse er fundamentet i alt Sunnmøre friluftsråd (KO) gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, vere ein pådrivar og ein høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forureining.

§ 4 - ORGANISASJON

Dei faste organa til friluftsrådet er representantskapet, styret og dagleg leiar. Styret kan velje å opprette arbeidsutval som omtalt i § 7 og eit fagleg samarbeidsforum som omtalt i § 9.

Friluftsrådet er tilslutta Friluftsrådene Landsforbund.

§ 5 - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Kvar deltakarkommune skal velje 2 representantar med vara til representantskapsmøtet for heile kommunevalperioden. Deltakarkommunar med meir enn 20.000 innbyggjarar møter også med 2 representantar, men stemmene vert vektta etter innbyggjartal (vektig: 40.000 innbyggjarar gir 4 stemmer og 60.000 innbyggjarar gir 6 stemmer).

I samsvar med KommuneLova skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Styremedlemmane møter med tale- og forslagsrett i representantskapsmøtet.

Representantskapsmøtet er også ope for andre interesserte. Representantskapsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet. Representantskapsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla og kunngjort i samsvar med samarbeidsavtalen. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 veker skriftleg varsel. Sakliste og saksdokument skal ligge ved innkallinga. Vedtak fatta av representantskapsmøtet er gyldige for alle deltakarkommunane. Alle vedtak på representantskapsmøtet skal avgjerast med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal. Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal, avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

Godtgjersle for representantskapsmedlemmane er omtalt i «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd».

Representantskapsmøtet skal:

- Godkjenne innkalling, sakliste og utsendingar
- Velje ordstyrar, sekretær og 2 representantar til å signere møteboka
- Godkjenne eventuelle nye deltakarkommunar, jf. § 2
- Handsame årsmelding til styret, som skal gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane
- Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding
- Vedta handlingsplan og årets arbeidsplan
- Vedta budsjett, og eventuelle prosjekttilskot eller andre bidrag frå deltakarkommunane.
- Fastsette neste års tilskot (kontingent) for deltakarkommunane. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet, jf. § 10
- Vedta eventuelle endringar i godtgjerslesatsar for styret

10. Handsame innkomne saker
11. Vedta eventuelle endringar i samarbeidsavtalen, jf. § 11
12. Velje:
 - a) Styre med personlege vara i samsvar med teksten under
 - b) Leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valde styret
 - c) Revisor, veljast for eitt år
 - d) Valnemnd på 3 medlemmar (veljast for tre år) og 1 varamedlem (veljast for eitt år)

Nærare om val til styret, jf. punkt 12 a:

Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar, men ikkje fleire enn 3 medlemmar frå kvar kommune.

Ein tilsettrepresentant tiltrer styret med tale- og forslagsrett.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet., personleg vararepresentant vert vald for same tidsperiode styremedlem. For kommunar (over 20.000 innbyggjarar) med fleire styremedlemmar skal begge kjønn vere representerte på fast plass, jamfør kommunelova. For kommunar med eitt styremedlem skal medlem og personleg vara vere av ulikt kjønn. Det skal samla sett vere minst 40 % av kvart kjønn i styret. Styret skal legge fram ei gyldig styresamansetning til representantskapsmøtet. Dersom val av styrerepresentantar frå kommunane samla sett ikkje oppfyller 40%-regelen, kan det bli aktuelt å bytte om på fast og varaplass av nye styrerepresentantar. Samansettinga vert i så fall avgjort ved loddtrekning eller etter frivillig avtale mellom kommunane. Eit styremedlem kan maksimalt sitte 8 år samanhengande i styret.

Alle val skal vere skriftlege dersom nokon ber om det. Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

§ 6 - EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE

Ekstraordinært representantskapsmøte kan innkallast med minst 3 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når 2 eller fleire av deltakarkommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggjast ved innkallinga. Ekstraordinært representantskapsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga, og er vedtaksført med dei frammøtte representantane. For vedtak gjeld same reglane som i det ordinære representantskapsmøtet.

§ 7 - STYRET

Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom representantskapsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det. Nestleiar tek over møteleiinga dersom leiar ikkje kan møte.

Arbeidsoppgåvene til styret er mellom anna:

1. Tilsette dagleg leiar og fastsette stillingsinstruks og løn for vedkomande, jf. § 8.
2. Fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med samarbeidsavtalen, handlings- og arbeidsplan og vedtak i representantskapsmøte.
3. Leie drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møte og forhandlingar.
6. Sende referat frå representantskapsmøte og styremøter til alle deltakarkommunane, til fylkeskommunen og til Friluftsrådernes Landsforbund.
7. Førebu saker til representantskapsmøte jf. § 5 med framlegg til vedtak.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane, leiar og nestleiar inngår i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan førebu saker for styret og fatte vedtak etter delegering frå styret. Dette omfattar avgrensa oppgåver som t.d. lønnsutval, konkrete prosjekt og liknande. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

Godtgjersle for styret følgjer «Reglement for reise- og kostgodtgjersle for styret og representantskapet i Sunnmøre friluftsråd». Godtgjerslesatsar er omtalt i § 5 pkt. 9.

§ 8 - DAGLEG LEIAR/ADMINISTRASJON

Dagleg leiar har resultatansvar mot styret, det overordna administrative ansvaret for den daglege drifta av friluftsrådet og personalansvaret for dei tilsette. Dagleg leiar skal gjennomføre arbeidsoppgåver, retningslinjer og pålegg gitt i styrevedtak. Oppgåver og ansvar skal gjennomførast på ein måte som er i samsvar med friluftsrådets formål gitt i § 3.

§ 9 - FAGLEG SAMARBEIDSFORUM

Styret kan be deltakarkommunane ved rådmann/kommunedirektør å oppnemne personar frå kommuneadministrasjonen til eit administrativt fagleg samarbeidsforum/eit fagråd for friluftsrådet. Medlemmane bør representere den eller dei etatar/einingar som arbeider med

friluftsliv i kvar kommune. Også andre frilufsorganisasjonar m.v. kan få tilbod om å møte. Dagleg leiar innkallar til møta i samarbeidsforumet og leier møta. Forumet tek opp saker av praktisk og administrativ karakter, og er eit forum for samordning og erfaringsutveksling. Deltakarane kan hjelpe dagleg leiar med førebuing av saker for styret.

§ 10 - ØKONOMI

Friluftsrådet er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap.

Deltakarkommunane skal betale eit årleg tilskot (kontingent) til verksemda. Representantskapsmøtet avgjer eit årleg tilskot som ein sum pr. innbyggjar i kvar deltakarkommune, basert på folketallet frå Statistisk Sentralbyrå føregåande år. Framlegg som inneber meir enn 2% reell auke i kontingenten frå deltakarkommunane krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet. Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av deltakarkommunane på førehand.

§ 11 – ENDRINGAR I SAMARBEIDSAVTALEN

Endringar i samarbeidsavtalen kan berre gjerast på representantskapsmøte, eller ekstraordinært representantskapsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

§ 12 - UTMELDING

Ein deltakarkommune kan melde seg ut av friluftsrådet etter skriftleg varsel og lovleg fatta vedtak i kommunen.

Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt deltakarkontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde. Deltakarkommunar som går ut av samarbeidet tek over oppgåvene friluftsrådet har utført for kommunen. Eventuelle frilufsområde friluftsrådet eig i vedkommande kommune skal overførast til kommunen. Utover dette har ikkje kommunar som går ut av samarbeidet krav på eigedommar eller verdier.

§ 13 - OPPLØYSING

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært representantskapsmøte og med minst 2/3 fleirtal. Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært representantskapsmøte 3 månader seinare, med oppløysing på saklista. Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom deltakarkommunane, i samsvar med kontingenten frå kvar enkelt. Kvar kommune tek over oppgåvene friluftsrådet tidlegare har utført.

§ 14 - TOLKING AV SAMARBEIDSAVTALEN - VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom samarbeidskommunar om tolking av avtalen, og det ikkje er råd å bli samde, skal tvisten avgjerast ved voldgift etter Tvistemålslova.

§ 15 - GYLDIG FRÅ

Samarbeidsavtalen vart gyldig frå det tidspunkt i 2020 at kommunestyra i deltakarkommunane fatta vedtak om at dei sluttar seg til avtalen. Nye kommunar som vedtek å melde seg inn i friluftsrådet etter 2020, aksepterer samtidig gjeldande samarbeidsavtale.



Stettevegen 73
6260 Skodje

post@friluftsradet.no

Scan QR-koden og sjå Sunnmøre friluftsråd sin jubileumsfilm 1974-2024



Fjord
kommune



Giske
kommune



Haram
kommune



Hareid
kommune



Herøy
kommune



Sande
kommune



Stranda
kommune



Sula
kommune



Sykkylven
kommune



Ulstein
kommune



Vanylven
kommune



Vestnes
kommune



Volda
kommune



Ørsta
kommune



Ålesund
kommune